

# Kommunedelplan for kulturarven i Selje kommune 2019-2029



Kommunestyret 9. oktober 2019  
Saks nr. 19/5114  
Dato: 9. oktober 2019  
Versjon 1:01



## FORORD

Selje kommune har ei rik kulturhistorie. Her er kulturlandskap som er så verdifulle at dei er nasjonalt utvalde. Vi har klosterruinane på Selja og legenda om St. Sunniva. Her finn vi dei første offentlege vegane i Sogn og Fjordane, og vi har ei rikholdig krigshistorie. For ikkje å gløyme historier knytte til livet her på den vêrharde Stadhalvøya.

Kommunedelplanen for kulturarven har som mål å synleggjere dei kulturminna vi har i kommunen og gje dei merksemd. Slik kan alle innbyggjarane i Selje få litt meir kunnskap om historia kulturarven fortel oss. Til fleire som ser verdien kulturminna har som vår felles arv og identitet, til fleire vil bidra med å ta vare på kulturminna og sikre dei for framtidige generasjonar.

Kulturarven er ikkje berre dei fysiske monumenta og stadane vi ser. Foreiningsliv, matkultur, språk, stadnamn, ord og uttrykk og handverkstradisjonar er døme på slik kulturarv – på fagspråket kalla immateriell kulturarv.

Selje, 9. oktober 2019  
Stein Robert Osdal (ordfører)

Selje kommune har i planarbeidet hatt møte i bygdene for å få informasjon om viktige kulturminne i den enkelte bygda, og i planen har bygdene fått sine egne kapittel der utvalde kulturminne i bygda er omtala.

Kommunedelplanen for kulturarven er den første som er laga i Selje kommune. Mykje er omtala, men den grundige omtalen av det enkelte kulturminnet vil du ikkje finne her.

Planen inneheld også ein handlingsdel som viser korleis ein skal arbeide vidare med å kartlegge, synleggjere og sikre kulturminna.

Kommunedelplanen skal reviderast jamleg, og planen sin handlingsdel skal rullerast årleg. I arbeidet med oppfølging av planen vil kommunen samarbeide vidare med lag og organisasjonar.

Planen er utforma slik at han lett kan rullerast saman med Eid kommune sin kulturarvplan, og kan bli nye Stad kommune sin kulturarvplan ved første rullering etter 2020.

Kristine Dahl (rådmann)


# Innhald

1 Innleiing .....	5
1.1 Bakgrunn .....	5
1.2 Kulturarven som ressurs.....	6
1.3 Vern .....	6
1.3 Vern .....	6
1.4 Viktige aktørar .....	7
1.5 Medverknad i planprosessen .....	8
1.6 Formål.....	8
1.7 Plandokumentet.....	9
2 Kulturarven i Selje .....	9
2.1 Kulturarv frå eldre tid (9000 f.Kr.–1537).....	10
2.1.1 Steinalder (9000-1800 år f.Kr.).....	10
2.1.3 Bronsealder (1800-500 år f.Kr.).....	11
2.1.4 Jernalder (500 år f.Kr.–1050)(Vikingtid 800-1050).....	11
2.1.5 Mellomalder (1050–1537).....	12
.....	12
2.1.6 Kulturminne knytte til tru - før reformasjonen .....	12
2.2 Kulturarv frå nyare tid (1537- ).....	14
2.2.1 Kulturminne knytte til gardane .....	15
2.2.2 Kulturminne knytte til tru.....	17
2.2.3 Kulturminne knytte til ferdsel .....	21
2.2.4 Kulturminne knytte til fiske .....	24
2.2.5 Kulturminne knytte til krigar .....	26
2.2.6 Andre kulturminne .....	27
2.3 Kulturarv – bygd for bygd.....	31
2.3.1 Hoddevika, Drage og Fure .....	31
2.3.2 Honningsvåg, Årvik, Ervik og Morkadalen.....	35
2.3.3 Eltvik/Borgundvåg/ Beitveit/Leikanger/Sandvikneset .....	38
2.3.4 Sandvik - Kjøde .....	42
2.3.5 Selje, Selja, Salt, Moldefjorden og Rundereim .....	44
2.3.6 Barmen,Flister, Venøy,Vettrhus, Kvernevik, Nordpoll og Flatraket.....	48
3. Ressursar .....	53
3.1 Verktøy for å identifisere kulturminneverdi.....	53
3.2 Kunnskapsbasar.....	53
3.3 Formidling av kulturarven i Selje.....	53

3.4 Organisering av kulturminneforvaltninga i kommunen .....	54
3.5 Økonomiske tilskotsordningar .....	54
4. Oversikt over den utvalde kulturarven i Selje kommune.....	55
4.1 Kart, utarbeidd av Selje kommune, som syner geografisk plassering av dei utvalde kulturminna, jf. oversikta, og som kan kartfestast. ....	59
5. Mål for kulturarvsatsinga i Selje kommune.....	60

# 1 Innleiing

Vi har fått overlevert kulturarven vår frå generasjonane før oss. No er det vi som forvaltar verdiane i kulturarven og skal gje arven vidare til generasjonane som kjem etter oss. Kulturarven i form av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, skapar lokalt grunnlag for identitet og rotfeste, og gir oss kunnskap og forståing av at våre eigne tradisjonar representerer noko verdifullt.



Kulturarven kan ha evna til å vekke nysgjerrigheit, gi eit innblikk i historia eller skape ei stemningsfull ramme rundt ei oppleving.

Spørsmål ein kan stille seg i møte med kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, er:

- *Kva vart dette brukt til?*
- *Kvifor valde dei denne løysinga?*
- *Korleis brukte dei dette?*
- *Kvifor vart det brukt på denne måten?*
- *Kan dette vere ein ressurs i dag?*

Det er ei utfordring at kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap vert sårbare når dei ikkje lenger vert nytta til sitt opphavelige

føremål, eller ikkje stettar krava til dagens standard for bruk.

I Selje har vi ein rik kulturarv som syner at her har budd menneske i over 6000 år. Med dette utgangspunktet har vi moglegheit til å komme nærare historia til dei menneska som har levd sine liv og hatt sitt daglege virke her. Spesielt gjev kulturmiljø og kulturlandskap stadene særpreg, men også den immaterielle kulturarven har sett sitt preg på stadene gjennom den folkelege kulturen.

## 1.1 Bakgrunn

Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap er ikkje fornybare ressursar, dei er uerstattelege om dei går tapt.

I nasjonale forventingar kjem det fram at regjeringa ventar at kommunane identifiserer viktige kulturminne, tek omsyn til desse i planlegginga, og nyttar dei som ressursar i samfunnsutviklinga. Nasjonalt er det eit mål å *reducere tapet av verneverdige kulturminne*, jf. Nasjonalt miljømål 2.1. For å nå dette målet har Riksantikvaren satsa på å *styrke kompetansen om kulturminne i kommunane og få betre oversikt over verneverdige kulturminne* gjennom lokale kulturmiljøplanar. Det er frå Riksantikvaren si side lagt vekt på at slike planar kan *aktualisere kulturarven si rolle i samfunnsutviklinga*.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har følgd opp denne satsinga, og peikar på kommunen sitt potensiale *til å utvikle attraktive og verdiskapande lokalsamfunn* som hovudaktør i forvaltninga av kulturhistoriske verdiar. Vidare legg dei vekt på kommunane si rolle med å *skaffe oversikt over kulturminne og setje desse på dagsorden for å unngå ytterlegare tap av kulturminne*.

Dette er første gong Selje kommune utarbeider ein kommunedelplan for kulturarv. Den finansielle og faglege støtta frå Riksantikvaren og Sogn og Fjordane

fylkeskommune har vore ein viktig føresetnad for at Selje kommune tok til på dette arbeidet. Planen er bygt opp etter same mønster som kulturarvplanen for Eid kommune, noko som forenkler overgangen til ein ny kommunedelplan for kulturarven i nye Stad kommune.

## 1.2 Kulturarven som ressurs

For oss er det viktig å kjenne til kulturarven som berar av vår felles historie. Nokre kulturminne representerer det typiske, andre det spesielle frå vårt samfunn. Gjennom kjennskap til historia og kva kulturminne som representerer denne, kan vi lettare velje ut kulturminne som vi meiner er godt eigna til å fortelje ein viktig del av historia vår, kulturminne vi meiner det er viktig å ta vare på og kulturminne som vi meiner er så viktige at vi ynskjer å sikre dei for komande generasjonar gjennom vern.

Aktørar i lokalsamfunnet kan nytte kulturarven som ein ressurs i samfunnsutviklinga. Med utgangspunkt i element frå kulturarven kan til dømes næringslivet utvikle produkt og opplevingar, lag og organisasjonar kan arrangere samlingar eller turar i historiske miljø, og det kan generelt leggest til rette for at innbyggjarar og besøkande skal kunne få innblikk i historia som ligg bak.



Hovudbygningen på Prestegarden i Selje. Foto: Gerd Fløde Bjørlo 2019


## 1.3 Vern

Dei aller fleste kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap har inga form for vern. Lover som gjev grunnlag for vern av desse, er kulturminnelova, naturmangfaldslova og plan- og bygningslova. Kommunen har berre myndigheit til å vedta vern gjennom kommuneplanar og reguleringsplanar som er juridisk bindande etter plan- og bygningslova. Dette inneber at kommunen ikkje har myndigheit til å verne lause og immaterielle kulturminne. Myndigheita til å vedta vern etter kulturminnelova eller naturmangfaldslova ligg til andre offentlege organ.

Der det ikkje alt ligg føre dokumentasjon på verneverdiane, kan det vere grunnlag for å gjennomføre ein verdianalyse når kommunen skal vurdere å verne utvalde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Ein slik verdianalyse kan identifisere balansen mellom bruk og vern og vere grunnlag for å sikre at verdiane ved kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap vert ivaretekne i vidare forvaltning.

Kommunen har altså eit ansvar for å verne viktige kulturminne som i dag står utan eit særskilt vern. Slikt vern er ein viktig del av å forvalte verdiane i kulturarven, slik at vi kan vidareføre dei til komande generasjonar. Spesielt gjennom reguleringsplanar har kommunen mogelegheit til å sikre ein balanse mellom vern av viktige verdiar og handlingsrom for endring i bruk. Lokalt vern kan difor vere ein ressurs i samfunnsutviklinga.

Under er ein illustrasjon som syner kva juridisk vern som er gjeldande eller kan gjerast gjeldande for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.



## 1.4 Viktige aktørar

Lokale utviklingsaktørar kan ta ei aktiv rolle for sjølve å utvikle kulturarven som ressurs.

**Eigarane** er dei viktigaste aktørane når det gjeld å ta vare på og vidareutvikle kulturminna. For at potensialet skal kunne hentast ut er det viktig at eigarane ser verdien av kulturminna og har kunnskap om korleis dei kan takast vare på og vidareutviklast, samtidig som kulturminneverdien vert bevart. Også tilgang på økonomiske ressursar vil ha noko å seie for i kva grad eigarane har mogelegheit til å ta vare på og vidareutvikle kulturminna.

Lokale aktørar som **lag, organisasjonar og næringsliv** kan bidra til å utvikle kulturarven som fellesressurs for allmenta eller som grunnlag for verdiskaping. I Selje er det mange historieinteresserte, og ein av desse er Jan Petter Hoddevik, som har etablert ei elektronisk bygdebok som alle kan kjøpe seg tilgang til. Torkjell Djupedal og Selja forlag har gitt ut fleire bøker med tema frå Selje. Her er

mange viktige bidragsytarar som er med på å utvikle kulturarven i Selje.

**Kyrkja** er ein viktig aktør og medspelar i forvaltning av viktige kulturminne i Selje. Det vil såleis vere tett samarbeid med kyrkja om ivaretaking og vidare utvikling av dei mange kulturminna knytte til tru i Selje.

Musea og fylkesarkivet er ein viktig samarbeidspart når det gjeld å ta vare på gjenstandar og immateriell kulturarv som til dømes stadnamn. **Nordfjord folkemuseum og Sogn og Fjordane fylkesarkiv** kan vere viktige samarbeidspartar ved behov for trygg bevaring av kulturminne.

Offentlege organ har forvaltningsansvar for vår felles kulturarv. **Riksantikvaren** har mynde til å avgjere om eit kulturminne er automatisk freda og til å gjere fredingsvedtak.

Riksantikvaren har mynde til å legge ned motsegn av omsyn til kulturminne ved kommunal arealplanlegging. **Sogn og Fjordane fylkeskommune** har forvaltningsansvar for dei

automatisk freda kulturminna og vedtaksfreda kulturminne. For dei vedtaksfreda bygningane gjev fylkeskommunen tilskot og fagleg rettleiing i arbeidet med å vedlikehalde bygningane. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal ha saker som kan kome i konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser til uttale. Fylkeskommunen har også motsegnsmynde.

Det er fylkesarkivet som jobbar mest med stadnamn i fylket. Dei digitaliserer og publiserer dei stadnamna som kommunane samlar inn.

Selje kommune har ei viktig rolle når det gjeld å bruke kulturarven som ressurs i samfunnsutviklinga og rådgje lokale initiativtakarar som vil utvikle kulturminna. Kommunen har mynde til å verne kulturminne gjennom kommuneplanar og reguleringsplanar, som er juridisk bindande etter plan- og bygningslova. Med mynde etter plan- og bygningslova har kommunen ansvar for å følgje opp alle kulturminne i kommunen gjennom forvaltninga.

### 1.5 Medverknad i planprosessen

Ved utarbeiding av kommunedelplan for kulturarv har dialog med lokale aktørar blitt vektlagt. Som grunnlag for planarbeidet vart det vinteren 2018 arrangert møte kringom i bygdene for å hente inn kunnskap om bygdene sine særeigne historier og viktige kulturminne. Resultatet av dette er nærare omtala i kapittel 3.2.

Planarbeidet har vore gjennomført etter reglane i plan- og bygningslova. Og i tråd med desse har lokale aktørar og offentlege instansar blitt informerte og inviterte til å bidra med innspel til arbeidet.

Planen er skriven av rådgjevar Gerd Fløde Bjørlo.

### 1.6 Formål

Formålet med å utarbeide denne planen er å få på plass eit styringsverktøy for dette satsingsområdet. Planen skal følgje opp

føringar i kommuneplanen sin samfunnsdel og vedteken planstrategi for 2016-2020.

Vi må ha planverk som handlar om å ta vare på dei kulturminna som vi meiner er viktige. I kommunedelplan for kulturarv er det difor lagt vekt på å gje ei oversikt over mangfaldet av kulturminne som vi har i Selje. Omfanget av kulturminne i Selje kommune gjer at vi ikkje kan gje ei fullstendig oversikt. Vi vil difor konsentrere oss om å gjere greie for ulike typar kulturminne og trekke fram kulturminne som er kjende som viktige i Selje.

For at vi i fellesskap skal kunne ta vare på kulturarven vår, må vi arbeide systematisk med formidling, ivaretaking og vern, i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv. I siste del av planen er det difor gjort greie for kva innsats Selje kommune vil gjere for å legge til rette for at andre aktørar skal kunne formidle og ivareta kulturminna, og kva tiltak kommunen sjølv vil gjere innanfor formidling, ivaretaking og vern.

Kunnskap om kulturarven er viktig for å sikre at arven vert vidareført. Som med all arv, er det ikkje alt som vert tatt vare på. Det er difor naturleg å legge vekt på den delen av kulturarven som vi meiner er verdifull og ein ressurs i samfunnsutviklinga.

Selje kommune har følgjande mål for å bidra til formidling, ivaretaking og vern av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, jf. kap.5:

- Mål 1. Selje kommune skal aktivt legge til rette slik at aktørar kan nytte kulturarven som ein ressurs i lokal samfunnsutvikling.
- Mål 2. Selje kommune skal bidra til å utvikle og gjennomføre formidlings- og/eller vernetiltak for den utvalde kulturarven, jf. oversikt i kapittel 4.
- Mål 3. Selje kommune skal gjennom kommuneplan og reguleringsplan etter plan- og bygningslova verne kulturminne som vert vurderte til å ha ein lokalt viktig verdi.



## 1.7 Plandokumentet

Kommunedelplanen for kulturarv gjeld for perioden 2019-2030. Planen gjev innleiingsvis eit generelt oversyn over dei ulike kulturminna vi har i Selje kommune, kva tidsepoke dei høyrer til og kva type kulturminne det er snakk om. Her er trekt fram både materielle og immaterielle kulturminne.

I kapittel 2 er det eit oversyn over utvalde kulturminne i bygdene i Selje. Bygd for bygd blir presentert, og her er trekt fram kulturminne/kulturmiljø som bør takast vare på, gjerast kjent for dei som bur her i dag og formidlast vidare til komande generasjonar. Her er noko frå folkemøta som vart haldne i forkant av planarbeidet, og noko er teke inn frå andre kjelder. Viktige bidragsytarar har vore dei ressurspersonane frå kvar bygd/utval av bygder som vart valde til å delta aktivt i planarbeidet. Det har vore fleire møte med desse ressurspersonane, og dei har vore gode støttespelarar for valet av dei kulturminna som kjem fram bygdevis i kapittel 2.

I kapittel 3 gjev planen eit oversyn over aktuelle kunnskapsbasar som viser til korleis ein kan ta vare på eit kulturminne, korleis ein kan spreie kunnskapen om kulturminna og kva ressursar som er tilgjengelege for dei som ønskjer å ta vare på eit kulturminne.

I kapittel 4 er det eit oversyn over den utvalde kulturarven. Dette er ikkje ei samla oversikt over alle kulturminna i kommunen. Mange kulturminne vil bygdefolk og grunneigarar verne om og gje sin rettmessige plass i bygda. Ein del kulturminne er allereie sikra gjennom at dei er automatisk freda. Dei utvalde kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa omtalte i kapittel 4 er dei som vi meiner at

også Selje kommune bør ta eit særskilt ansvar for å formidle kunnskap om og verne om .

I kapittel 5 formidlar vi målsetjinga til Selje kommune om korleis vi kan leggje til rette slik at kulturminna blir ein ressurs i samfunnsutviklinga og korleis vi kan bidra til at private får kunnskap om og midlar til å ta vare på kulturminna. Her er også ei målsetjing knytt til korleis kommunen kan følgje opp dei utvalde kulturminna gjennom formidling og vern.

Sist, men ikkje minst så er det i kapittel 6 ein handlingsdel som viser kva tiltak som blir prioriterte dei komande 4 åra, og kva ein tenkjer skal kome i siste del av planperioden. Handlingsdelen skal rullerast og behandlast politisk kvart år, og prioritering av tiltak vil alltid måtte ta omsyn til kapasitet og ressursar.

## 2 Kulturarven i Selje

Selje kommune hadde 5467 innbyggjarar i 1900 og omfatta Hove hovudsokn med Leikanger kapell og Vågsøy sokn. Hausten 1906 kom spørsmålet opp om Vågsøy burde skiljast frå Selje. Frå 1. januar 1910 vart dei 2 kyrkjesokna Nord-Vågsøy og Sør-Vågsøy skilde ut frå Selje kommune som eigne heradskommunar. Same året fekk Hove sokn namnet Selje sokn. Ved ei grenseregulering i 1964 vart øya Silda og gardane Sørpoll, Osmundsvåg, Hagevik og Straumen overførde til Vågsøy kommune. I 2001, med dåverande grenser, var folketalet i Selje kommune 3023. Rekna ut i frå same geografiske området, ville folketalet i 1900 ha vore 2783 personar. Selje har soleis hatt ein svak folkeauke dei siste 100 åra. <sup>1</sup>

I 1918 hadde Selje kommune fylgjande skulekrinsar: Selje, Leikanger, Refsnes, Kjøde,

<sup>1</sup> Kjelde: Fylkesarkivet, kulturhistorisk leksikon. Artikkel v/ Gunnar Urtegaard

Stokkevåg, Borgundvåg, Eltvik, Honningsvåg, Hoddevik, Drage, Moldestad, Sandvik, Nordpoll, Barmen, Flatraket, Årvik, Fure, Eide, Røyset, Silda, Sørpoll, Osmundvåg og Hagevik. Lengste skuleveg var likevel 6-7 kilometer trass i ein så desentralisert skulestruktur.

Selje si kulturhistorie strekker seg langt tilbake i tid, og vi har mange kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som vitnar om dette. Under er det gjeve ein presentasjon av kulturarv frå eldre tid og nyare tid, og til slutt ein presentasjon av kulturarven i bygdene i Selje kommune.

## 2.1 Kulturarv frå eldre tid (9000 f.Kr.–1537)

I Selje kommune er det registrert fleire faste kulturminne i perioden frå 9000 år f.Kr. til 1537, dei fleste av desse kulturminna ligg meir eller mindre skjulte i terrenget. Det er også registrert mange lause kulturminne som er funne på ulike stadar i kommunen, desse er bevarte ved universitetsmuseet i Bergen.

Funn, arkeologiske registreringar og utgravingar er bakgrunnen for at vi har så mykje kunnskap om denne perioden. Rapportar som omhandlar arkeologiske registreringar er å finne hjå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Rapportane som omhandlar arkeologiske utgravingar, er å finne ved universitetsmuseet i Bergen.

Kulturminna frå eldre tid er automatisk freda etter kulturminnelova. Desse kulturminna er ofte svært sårbare ved bruk. Under er det for kvar epoke gitt eit innblikk i historia og dei lokale kulturminna som vitnar om denne. Funna av kulturminne<sup>2</sup> frå dei ulike epokane er illustrerte på kart.

<sup>2</sup> Illustrasjonen i kartet er basert på registrerte, kartfesta og tidfesta kulturminne. Kjelde: Informasjon frå Universitetsmuseet i Bergen, arkeologiske rapportar

Desse karta er baserte på registreringar som er gjort til no, og avgrensa til kulturminne som er både kartfesta og tidfesta. Desse karta er utarbeidde av Selje kommune, som illustrasjon av kjente opplysningar om funn i Selje. I tillegg er det fleire registrerte kulturminne som ikkje er tidfesta og dermed ikkje kan vere med i desse illustrasjonane.

### 2.1.1 Steinalder (9000-1800 år f.Kr.)

I perioden etter den siste store istida i Noreg, vandra folk til det som i dag er Noreg. Dei livnærte seg på jakt, fiske og sanking. Tidlege spor etter menneske er difor lokaliserte på stadar der det var gunstige forhold for ferdsel, jakt og fiske.



Inst i Flistrapollen er det funne spor etter busetnad-og aktivitetsområde. Ei 15 meter høg steinblokk (Botnasteinen) dannar eit utoverheng, og under dette er det funne reiskap av flint i overflata. Steinblokka var


Fornminneseksjonen ved Universitetsmuseet i Bergen og arkeologiske rapportar i kommunen sitt arkiv, Arkeologiportalen, Askeladden og Kulturminnesøk.

truleg brukt til å gje ly. Prøvestikk av jorda viser funn av kol.

Det er også fleire spor etter landbruk frå denne tida i Kjøde. Her er det funne dyrkingsspor og lagvise dyringsflater, som tyder på at det har blitt dyrka her i lengre tid.

### 2.1.3 Bronsealder (1800-500 år f.Kr.)

Bronsealderen heiter så fordi det var i denne perioden at bronse vart tatt i bruk til utforming av våpen, reiskap og smykke. I denne perioden førte jordbruket til at fleire vart buande på ein stad, noko som førte til auka folketal.




Frå denne tida er det funne fleire spor etter busetnad- og aktivitetsområde, særleg i Borgundvåg. Ein finn også spor etter jordbruk her. Berre ei gravrøys på Skjeljevikneset (Moldestad) er datert til bronsealderen, men det finst fleire gravrøysar kringom i kommunen som vert daterte til perioden bronsealder-jernalder.

Eit særst spennande funn frå nyare tid er helleristinga på Drage, som var oppdaga så seint som i 2012.

### 2.1.4 Jernalder (500 år f.Kr.–1050)(Vikingtid 800-1050)

Jern vart tatt i bruk til utforming av våpen og reiskap i jernalderen. Denne perioden varer fram til skriftlege kjelder vart vesentlege for kunnskapen om menneska sitt liv og virke. Perioden omfattar også vikingtida.




Frå denne perioden er det registrert svært mange gravrøysar, særleg på øya Selja, øya Barmen og Langeneset i Moldefjorden. På Barmen står det ein runestein (Barmensteinen) med eldre runer. Det er usemje om datering og tyding av innskrifta på steinen. Runespesialisten Magnus Olsen har datert innskrifta til 400-450 e.Kr, medan dr.philos Kjell Aarhun meiner ho er mykje eldre og høyrer til bronsealderen (1500-500 f.Kr).

### 2.1.5 Mellomalder (1050–1537)

I overgangen mellom vikingtida og mellomalderen vart Noreg samla til eitt rike. Det vart ei fastare styringsform, og kristendomen fekk fotfeste. Etter alle funna frå jernalderen å dømme, skulle ein tru at det er gjort mange funn frå mellomalderen også, men slik er det ikkje. Ei av årsakene er innføring av ny religion og nye gravskikkar, som førte til at det vart slutt på at ein fekk med seg gjenstandar i grava. Dette er ein vesentleg grunn til at ein ikkje har eit like rikt gjenstandsmateriale frå denne tida som frå perioden før.

I Selje er det registrert mange fornminne eldre enn 1537. Tyngda av desse ligg kring Moldefjorden, på Selja og Barmen. (Fett 1960)

Ein del steingardar kan truleg daterast til mellomalderen. Vi manglar kunnskap om steingardane, sidan det ikkje har vore gjennomført ei fullstendig registrering av desse.



Frå mellomalderen finst det mange kulturminne knytte til religion, tradisjon og hendingar, særleg på øya Selja. Her kan ein finne kyrkjeruinar etter Mikaelsskyrkja/St.Mikaelss holekyrkje (Mikaelsskirken), Sunnivakyrkja (Sunnivakirken), Albanuskyrkja/Albanus klosterkyrkje (Albanuskirken) og Selja stavkyrkje. Det er også fleire kulturminne knytte til jordbruk, drift og busetnad ved Selje kloster, blant anna ruinar/bygningsrestar etter smie, bakeri, hageanlegg, tufter, gjerde, veganlegg og ankringsplass for tilreisande kyrkjegjengarar.

På Bø på Selja er det spor etter ein gamal gravplass/kyrkjegard. Tufta etter kyrkja er synleg på den nordlege halvdel av gravplassen. Denne kyrkja har sannsynlegvis vore fylkeskyrkje på eit tidspunkt, før kyrkjestaden vart flytta inn på fastlandet til Selje prestegard i 1654. Det er også funne spor etter ein eldre gravplass/kyrkjegard i Ervika. Denne gravplassen ligg på ein sandhaug som stadig veks på grunn av sandflukt. Dette arealet var inngjerda i 1906, og eit klokkehus vart reist på staden året etter.

### 2.1.6 Kulturminne knytte til tru - før reformasjonen

#### *Klosteret på Selja*

Restane etter benediktinarklosteret på Selja er mellom dei best bevarte i landet. Legenda om den irske kongsdottera som rømde frå ein heidensk friar og som segna vil ha det til stranda på Selja, kan vere opphavet til etableringa av klosteret der. Kva tid klosteret vart bygd, er ikkje heilt sikkert, men mest truleg vart det reist på 1100-talet. Selja var også mellom dei første bispeseta i landet, etablert i 1068.




Foto: Skisse over Selje kloster 1940 v/Ivar Vik-Cato Enger

### Legenda om St. Sunniva – også kalla Sunniva av Selja

har vore til inspirasjon for mange kunstnarar opp gjennom tidene. Sunnivafiguren finn vi igjen både på bilete, statuar og andre kunstnarlege uttrykk. Sunniva har også gitt namn til vegar, plassar, skular, og i alle fall er 2 katolske kyrkjer i nyare tid oppkalla etter henne.

Legenda om den irske prinsessa som rømde for å komme unna ein heidensk friar, og som segna fortel stranda på Selja, fortel vidare at dei som budde langs fjorden frykta at det var vikingar som hadde slege seg ned her. Håkon Jarl sende eit fylgje med mål å jage «inntrengarane». Sunniva og følgjet hennar gøymde seg i ei hule i fjellet. Samstundes kom eit steinras og stengde inngangen til hola.

Seinare vart det sett eit merkeleg lys over Selja, og då dei undersøkte dette nærare, fann dei ei hule med mange skjelett, men Sunniva

var like heil og såg ut som om ho sov. Etter dette let Olav Tryggvason byggje eit kapell i hola og ei kyrkje nedanfor. Skjeletta blei lagde i eitt skrin, og eit eige skrin for Sunniva. Dette skal ha skjedd i år 996.

Sunniva blei sett på som skytshelgen for Vestlandet, og Selja blei bispesete. I 1170 blei bispesetet flytta til Bergen. Sunnivaskrinet vart også flytta og plassert på høgalteret i Kristkirken i Bergen. Klosteret som var grunnlagt på Selja, tok over Sunnivakyrkja og domkyrkja der.

St. Sunniva er Noregs einaste kvinnelege helgen, og segna om henne var svært viktig for kristninga av Noreg. St. Sunniva er Bergen sin skytshelgen.



Sunnivastatuen av bilethoggar Arne Mæzland, sett opp på torget i Selje i 2013. Foto: Belinda Fure

Kvart år vert det arrangert Seljumannamesse på Selja til minne om St. Sunniva og Seljemennene. Den 8. juli, som er knytt til Sunniva og Seljemennene, finn vi i den gamle primstaven.<sup>3</sup>

Pilegrimar har til alle tider etter kristninga oppsøkt Selja og klosteret der. Det er i seinare

<sup>3</sup> Kjelde om legenda: Eivind Luthen: Selja, Sunnivakulten og pilegrimsmålet

år etablert ei Sunnivalei, ei pilegrimslei frå Kinn til Selja. I 2020 skal det etablerast eit kystalternativ til St.Olavsvegane til Trondheim. Denne Olavsleia skal gå langs Vestlandskysten frå Rogaland til Trondheim. Selja er eitt av fleire heilagmål langs leia. Fleire regionale kystpilegrimsenter er tenkt etablerte, og Selje vart i oktober 2019 valt som lokaliseringsstad for eitt av desse kystpilegrimsentera.



Selja kloster: Foto: Arne Helge Seljen

### Kyrkjer på Selja

Det er restar etter fleire kyrkjer på Selja frå før reformasjonen. Tre kyrkjer i klosterområdet og ei eller to på Bø, der soknepresten budde i mellomalderen. **Mikaelskyrkja** er den eldste og er ei holekyrkje som ligg 40-50 meter oppe i fjellsida bak klosteret. **Sunnivakyrkja** låg rett utfor hellaren, og restane som ligg der i dag, er etter den andre kyrkja som vart reist der. Den første, som vart reist av Olav Tryggvason, var av tre (reist år 996). På sjølve klosterområdet låg **Albanuskyrkja**, som var bispekyrkja. Mest truleg vart denne kyrkja bygd samstundes som bispesetet vart etablert i 1068. Kyrkja var domkyrkje i 100 år fram til 1170.

Kvar den første kyrkja på Selja stod, er det mange som har meiningar om. I boka Kyrkjene i Selje, som kom ut på Selja forlag i 2016, er det mykje å lese om dette.<sup>4</sup>

<sup>4</sup> Kyrkjene i Selje, Selja forlag 2016

<sup>5</sup> SEFRAK er forkorting for Sekretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg.

## 2.2 Kulturarv frå nyare tid (1537- )

I Selje er det svært mange kulturminne frå nyare tid, altså frå tida etter 1537 til i dag. Gjenstandar, bygningar, anlegg og kulturlandskap er å finne i heile kommunen, stort sett i privat eige. Ein del, spesielt gjenstandar, er å finne på offentlege museum, hovudsakleg ved Nordfjord Folkemuseum. I Selje har Jan Petter Hoddevik gjort ein stor innsats ved å samle gjenstandar som etter kvart er tilgjengelege for publikum på garden hans i Morkadalen. Her er nok fleire private samlingar, som ein gjerne skulle hatt informasjon om.

Dei fleste kulturminne frå nyare tid har ikkje automatisk juridisk vern, slik som kulturminne frå eldre tid. For desse kulturminna må ein difor ta stilling til om dei har verdiar som må vernast, og vidare følgje opp med lokalt vern gjennom kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningslova. For grupper av kulturminne som ikkje har eit vern, kan ei god oversikt sikre at ein kan skilje ut dei verneverdige kulturminna og identifisere kva som er verneverdig. Kulturminne inngår ofte i eit kulturmiljø, og då er det viktig å finne fram til dei felles verneverdiane for heile miljøet.

Ståande bygningar frå før 1650 har eit automatisk juridisk vern. For bygningar reiste mellom 1537-1649 må ein ha ei erklæring frå Riksantikvaren om automatisk freding.

I Selje vart det gjennom SEFRAK-registreringa<sup>5</sup> registrert 797 bygningar i kommunen. Desse registreringane vart utførte i regi av Riksantikvaren i heile Noreg i perioden 1975 til 1995.


I Selje vart det ikkje gjort ei nærare vurdering av verneverdien for desse bygningane. SEFRAK-registeret gjev likevel verdifull kunnskap om bygningane i Selje og kan nyttast

som grunnlag for vurdering av kulturminneverdien.

Store deler av Selje har eit ekstremt kystkulturlandskap, ope og skoglaust, prega av open beitemark, lyngheiar og torvmyrar i gradvis overgang frå heimebøen. Samlingar med sjøhus langs strendene er karakteristiske innslag i dette landskapet. Kulturlandskapet er i ferd med å endre karakter som følgje av det moderne landbruket, skogen tek igjen til å vekse på halvøya m.a. grunna færre beitedyr i marka, nye dyrkingsfelt som kjem til, fjerning av gamle steingardar og kanalisering av elvane. I Hoddevika og på Drage er likevel relativt mykje av det tradisjonelle kulturlandskapet enno intakt.

Det er også utført fleire store kartleggingar av kulturlandskap i Selje kommune.

I Rapport nr. 23 SFDH Kulturlandskap i Sogn og Fjordane – Bruk og vern v/Helle T.1992 er det skildra 16 typeområde for eldre kulturlandskap i Selje. Sjå kartet under. ( Rapporten er også kjelde til omtalen over.)



I 2009 blei området Hoddevik-Liset valt som eit av dei 20 mest verdifulle kulturlandskapa i Noreg (vedteke i Miljøverndepartementet og Landbruks- og matdepartementet våren 2009). Det er kome fleire område til, og i dag er det i alt 36, derav fire i Sogn og Fjordane. Områda er valde fordi dei har store biologiske og kulturhistoriske verdiar.

Tilstanden til kulturminna i Selje er varierende. Mange kulturminne er tekne godt vare på, medan andre er prega av gjengroing og forfall.

Under er det gjeve ei oppsummering av historie og kulturarv etter inndeling i følgjande kategoriar: gardane, tru, ferdsel, fiske, krigsminne og andre kulturminne. Det er gjort nærare greie for kva vern som gjeld for desse i kategoriane under.

### 2.2.1 Kulturminne knytte til gardane

Dei aller fleste gardane i kommunen har ei lang historie over tusen år tilbake i tid. Det har sjølvsagt vore endringar i driftsformene og eigedomsstrukturane. På 1800-talet førte mekaniske landbruksreiskapar til endringar i driftsformene. Dette førte til omfattande endring av eigedomsstrukturen, med endring frå mange små jordlappar til større, samanhengande jordbruksareal for kvart gardsbruk. Fram til denne utskiftinga hadde gardane felles klyngetun med fleire gardbrukarar i kvart tun. Oppløysinga av klyngetuna førte til ei omfattande flytting av bygningar til dei nye gardsbruka, i tråd med den nye eigedomsstrukturen. I seinare tid har driftsformene endra seg, spesielt med den stadige utviklinga av traktorar, landbruksmaskiner og meir effektiv produksjon.



Biletet over frå Ytre Fure syner hovudhuset på bruk nr. 1, som vart flytta ut frå klyngetunet som var der tidlegare. Foto: Gerd Fløde Bjørlo

Den typiske gardsstrukturen i dag er eit gardstun med konsentrasjon av bygningar, spreidde bygningar på inn- og utmark og for dei som ligg i tilknytning til sjø eller vatn; båtstøer og naust. I eigedomsgrenser og i grense mot utmark kan ein ofte finne merkesteinar eller steingardar.

SEFRAK-registreringa har sikra kunnskap om dei fleste eldre bygningane på gardane. Dei fleste gardane har i større eller mindre grad fått nedskrive si historie i ulike bygdebøker av eldre og nyare dato.

#### *Myrområde og stølsvollar*

Dei einaste stølane i Selje kommune ligg i fjellområde på grensa mot Vågsøy og Vanylven kommune; Kjøde, Berstad og Vetrhus. Vetrhussetra og Kverneviksetra hadde også eigne stølshus til overnatting.

Torvhus og sommarfjøs i stein var det derimot mange av i Selje. Torva vart i hovudsak brukt til brensel. Gode torvmyrer var viktige, og desse var også gjenstand for utskifting, og det var klare bruksrettar knytte til dei. Turid Helle (1992) skriv: «*Det vart skore mykje torv på myrane på Stadlandet. I Løkane vart torva samla i dei mange torvhusa. Torva vart skoren om våren, turka (krakka) og lagra til seinare. Det vart ofte nytta slede til å spreia torva over eller hente ho frå heia og fram til løypestengen.*».

#### *Kulturlandskap*

Rapport nr. 23, som er synt til over, tek for seg seksten område i Selje kommune og inneheld både verdivurdering og forslag til skjøtselstiltak.

I 2009 vedtok Miljøverndepartementet og Landbruks- og Matdepartementet at området

Hoddevik-Liset er eitt av dei 20 mest verdifulle kulturlandskapa i Noreg.

*«Området omfattar nokre av dei mest spesielle og best bevarte kulturlandskapa i Sogn og Fjordane. Hoddevik-Liset-området var et særpreget kystkulturlandskap med et høgt biologisk mangfold (Hoddevik og Skårbø), et historisk landskap (Drage), særpreget beliggenhet med typiske beitebakker i god hevd (Indre- og Ytre Fure), og eksempler på mer eller mindre intakte småbruk med kulturlandskapsstruktur fra det førindustrielle landbruket (Årdal og Liset).»*

*«Det bør gjennomføres en systematisk kartlegging av gjenværende artsrike naturbeitemarker og slåtteenger. Særlig bør forekomsten av beitemarkssopp og karplanter registreres. Barmen og Stadlandet bør prioriteres. Helle (1992) sine lokaliteter bør reinventeres og dagens status vurderes. Det bør utarbeides egne skjøtelsels/forvaltningsplaner for Hoddevika og verdifulle kulturlandskap rundt Ervik, slik at de biologiske verdiene som fortsatt finnes her blir bevart. Det bør utarbeides en plan som sikrer at fortsatt verdifulle lyngheier blir bevart, spesielt viktig er dette for ytre deler av Stadhalvøya.»<sup>6</sup>*

Ei direkte oppfølging av status for området Hoddevik-Liset som nasjonalt verdifullt kulturlandskap i Noreg, er skjøtelsplanane for Hoddevik (2010), Ytre Drage og Indre og Ytre Fure (2015), Årdal (2009 og 2011) og Liset (2018). Det er og utarbeidd forvaltningsplan for Hoddevik-Liset for perioden 2009-2029. Fylkesmannen har ansvaret for koordinering av arbeidet med rapportane. Ingvild Austad har vore sentral i arbeidet.

Ein del kulturlandskap er også trekte fram i rapport om Biologisk mangfald i Selje

<sup>6</sup> Kjelde: Ingvild Austad og Anne Lise Koller: Årdal i Selje.

Sjøtelsplan for kulturlandskapet. Delområde under nasjonalt utvalgt kulturlandskap Hoddevik-Liset) Rapport 06/09 Seksjon for landskapsøkologi, Høgskulen i Sogn og Fjordane.



kommune (ISBN-nummer: 82-92227-17-2) utarbeidd av Miljøfaglig Utredning ans i 2002. Rapporten omtalar kulturhistoria til Selje, med enkelte generelle trekk om konsekvensane for det biologiske mangfaldet som kan lesast ut av dagens tilstand.



*Det karakteristiske landskapet mellom Indre og Ytre Fure.  
Foto Gerd Fløde Bjørlo*

Årdalens Venner er ei stifting som vart oppretta i 2006, og som legg ned ein stor innsats i å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane i Årdalen.



*Årdalen: Foto Wenche Leknesund*

### 2.2.2 Kulturminne knytte til tru

Selja var truleg ein av dei aller første kyrkjestadane i landet. I 1190 skriv islendingen Odd munk om 5 kyrkjer på øya. Den eine, som låg ved klosteret, vart flytta til Bø og var første soknekyrkja i Selje. Denne kyrkja vart seinare riven og flytta til fastlandet (13. juni 1654) og sett opp i nærleiken av staden der kyrkja i Selje står i dag. Men den enda ikkje der. Seinare, på slutten av 1800-talet, vart kyrkja flytta igjen, og då til Leikanger.

Alle kyrkjer oppførte før 1650 er automatisk freda. Det same gjeld kyrkjegardar og gravminne eldre enn 1537. Ingen av kyrkjene i Selje er freda, men kjem inn under kategorien *Listeførte kyrkjer*, noko som gjeld alle kyrkjer bygde mellom 1650 og 1850. Desse kyrkjene er definerte som verneverdige og har nasjonal verdi. Enkelte av dei yngre kyrkjene som har blitt vurderte til å ha stor kulturhistorisk verdi, har også blitt listeførte. Dette tyder at dei skal handsamast med like stor respekt som dei freda kyrkjene. Kyrkjene i Selje og Leikanger kjem inn under denne kategorien.


Automatisk freda gravfelt er det fleire av i Selje. Eitt av desse ligg like ved kyrkja i Selje, *Kyrkjebakken gravfelt*, og er datert til jernalderen. Tilsvarande gjeld kyrkjegarden i Ervik.

#### *Kyrkjer på Selja etter reformasjonen:*

Det er uvisse når tid den første kyrkja vart oppført på Bø. Det vi veit, er at det vart flytta ei kyrkje frå Bø til fastlandet i 1654. Kyrkja (heile eller deler av denne) vart sett opp på Hove og stod der til ho vart flytta til Leikanger i 1866.

*Kyrkja på Hove:* Frå 1724 – 1866 var kyrkja i privat eige. Kyrkja var ei typisk tømmerkyrkje frå 1600-talet, ein låg, liten kyrkjebygning med eit smalare kor, med eit lite tårn over vestre

del av skipet. Koret vart truleg bygt opp etter flyttinga frå Bø. <sup>7</sup>



Teikning av kyrkja som stod på Bø, seinare flytta til Hove og vidare til Leikanger.. (Kjelde: Allkunne)

**Selje kyrkje** stod ferdig i 1866. Den nye kyrkja i Selje vart oppført like ved den gamle kyrkja. Ei stund kan dei to kyrkjene ha stått ved sidan av kvarandre. Den nye kyrkja vart bygd utanfor og i kant med den gamle kyrkjegardsmuren<sup>8</sup>. Men sine 600 sitjeplassar var ho ei av dei største kyrkjene på landsbygda i Bjørgvin. Arkitekt var Frederik Hannibal Stockfleth. I samband med feiringa av tusenårsjubileet for Selja som heilagstad, fekk kyrkja eit prosesjonskors som er laga i Irland.



Kyrkja i Selje med naustrekka: Foto: Gerd Fløde Bjørlo

Selje kyrkje var den første i Nordfjord som fekk orgel. Orgelet i kyrkja blei kjøpt brukt frå Tyskland i 1890. Det blei bygd av Albert Hollenbach, ein anerkjent tysk orgelbyggjar. Han var kjend for å byggje instrument av høg kvalitet.

<sup>7</sup> Kyrkjene i Selje, s. 97. Selja forlag 2016.

<sup>8</sup> Kyrkjene i Selje, s.95. Selja forlag 2016

I ein rapport frå riksantikvaren v/Stein Johannes Kolnes, orgelkonsulent og rådgjevar for riksantikvaren, står det følgjande om orgelet:

«Som liturgisk instrument overgår det på fleire måter dei fleste, langt større moderne orgler. Som soloinstrument gir det meir enn eit moderne 8- stemmers orgel kan. Den kulturhistoriske verdien av instrumentet er uvurderleg. Orgelet er såleis klart verneverdig. Når behovet om en del år har vakse seg større, bør orglet underkastast eit grundig og pietetsfullt restaurerings og rekonstruksjonsarbeid.»

Orgelet er eit viktig kulturminne i Selje, og det er eit stort behov for å få restaurert instrumentet. Planane for restaurering er klare. <sup>9</sup>

**Leikanger kyrkje.** Den gamle kyrkja på Bø vart flytta frå garden Hove til garden Leikanger på Stadlandet i 1866. Etter kvart vart ho for lita på Stadlandet, og i 1895 vart ho utvida med m.a. nytt tårn med våpenhus. Kyrkja vart no dobbelt så stor. Kyrkja vart restaurert i 1966, men mykje av den gamle materialen sit att både i veggjar og golv. Katekismetavla frå 1500-talet og preikestolen frå 1592 vart med på flyttinga frå Bø, og står no i Leikanger kyrkje.

**Ervik kyrkje** vart vigsla i 1970. Ho er bygd ved den gamle kyrkjegarden, som truleg er frå tidleg på 1500-talet. Kyrkjegarden i Ervika er særmerkt der han ligg heilt i sjøkanten i Ervika med Erviksanden som næraste nabo.

I tårnet heng skipsklokka frå St.Svithun – hurtigruteskipet som forliste 20.09.1943 – etter å ha blitt bomba av britiske fly. Reiarlaget gav skipsklokka til bygdefolket som

<sup>9</sup> Kjelde: Organist i Selje, Jon Inge Sigerland

takk for redningsdåden dei utførte i samband med forliset.

På kyrkjegarden i Ervika står det eit klokketårn. Der heng ei klokke som opphavelig hang i kyrkja på Bø, støypt i 1315. Klokka vart omstøypt i 1844.



Kyrkjegarden med klokketårnet og utsyn mot Hovden. Foto: Nordfjord.no

I tårnet er det også minnetavle over dei russarane som omkom i arbeidsleirane som låg i Ervika.<sup>10</sup>



<sup>10</sup> Kjelder om kyrkjene: Fylkesarkivet, kulturhistorisk leksikon, v/Torkjell Djupedal, Sigurd Vengen, Anders Gjerde.

Kyrkjene i Selje v/Anne Marta Hoff, Dagfred Berstad, Sigbjørn Hjelle og Sigurd Vengen. Selja forlag 2016,

NRK Sogn og Fjordane, Fylkesleksikon v/Ottar Starheim (www.allkunne.no)

Selje si kyrkjehistorie kan du lese meir om i boka «Kyrkjene i Selje», som kom ut på Selja forlag i 2016

**Krossen på Dragseidet:** På Dragseidet vart det i 1913 reist ein steinkross til minne om kristninga av fire fylke på denne staden i 997. Det var Olav Tryggvason som gav folket (bøndene) valet om å la seg døype eller halde slag. Dei valde dåp og kristendom.

Hendinga på Dragseidet er omtala i Heimskringla (av den islandske sogeskrivaren Snorre Sturlason (1179-1241). I saga om Olav Tryggvasson står det m.a.

*«Same hausten [997] stemnde kong Olav bøndene til tings frå 4 fylke på Stad på Dragseid; der skulde det koma folk frå Sogn og Fjordane og Sunnmøre og Romsdal. Kong Olav for dit med mykje folk, som han hadde hatt med seg frå austanfrå [Austlandet], og dei som var komne til han i Hordaland og Rogaland.*


*Då kong Olav kom til tinget der, baud han dei kristendomen, der, som andre stader, og for di kongen hadde ein stor herstyrke der, vart dei skræmde. På slutten av talen sin baud kongen dei to vilkår, anten at dei skulle ta mot kristendomen og la seg døypa, eller at dei skulde halda slag med han. Men då bøndene såg at det ikkje var råd for dei å slåst med kongen, så vart det avgjort at alt folket ville la seg kristna»<sup>11</sup>*

Krossen er seks meter høg med slik innskrift «Her kristnet Olav 4 fylker\* 997»

Krossen vart reist av Nordstranda ungdomslag av NKUF i 1913. Krossen vart reist på same

<sup>11</sup> Kjelde: Fylkesarkivet, kulturhistorisk leksikon. Artikkel v/Hermund Kleppa

staden som det tidlegare hadde stått ein trekross.



Utsyn frå Dragseidet. Foto: Gerd Fløde Bjørlo

Wilhelm Kvalheim var lærar og kyrkjesongar på Nordstranda på Stadlandet. Han skreiv eit langt stykke i Fjordenes Blad om avdukinga av steinkrossen. Han avslutta med følgjande:

*"Dermed var denne merkjelege, stemningsrike og minnerike stemna slutt. Ein kan trygt segja at ei større og gildare stemna hev aldri vore halde paa desse kantar, og maken fær me kanskje aldri heller. Ein times tid atter stemnde 25 motorskøytor, fullasta av folk yver Vanylvs GAPET. Likeeins yver Sildagapet. Og einsleg stod steinkrossen att paa Dragseidet:"*



Korset på Dragseidet. Foto Gerd Fløde Bjørlo 2018

Det var mykje strid i etterkant om målforma på krossen. Men framleis står innskrifta på «dansk-norsk», som ho gjorde i 1913.

*På Kongshaugen*, litt lenger oppe på Dragseidet, vart det i 1919 avduka ein bautastein der det står hogge inn på godt nynorsk:

«OLAV TRYGVESSON NOREGS KONGE 998»



Bauta på Kongshaugen. Foto: Gerd Fløde Bjørlo 2018

### *Presten si rolle og bruk av kyrkjehuset ved gravferder før 1920*

Heilt fram til 1920-talet hadde korkje presten eller kyrkjehuset noka stor rolle ved gravferder. Også i den nye Alterboka som kom det året, var det berre handlingar ved grava som var fastsette. Av kyrkjebøkene i Selje går det fram at presten svært sjeldan deltok i sjølve gravferda.

Heimen var det naturlege utgangspunktet for ei gravferd, og etter at tradisjonar, salmar og eventuelle minneord var framførte, drog gravfylgjet til kyrkjegarden. Der kasta familien, ofte med hjelp av andre i gravfylgjet, opp grava. Det var også familien som grov att grava før dei forlet kyrkjegarden.

Presten si rolle var å utføre jordfestinga, som også vart nemnd som jordpåkasting. Ho vart

utført lenge etter sjølve gravferda. Dette vart gjort når presten vitja bygdene, noko som ikkje var så ofte i grendene på Ytre Stadlandet. Når presten kom, hadde han fleire ærend, som høyring av dei som «las for presten», besøke sjuke og jordpåkasting. Td. så vart det den 19. juni 1881 ved Leikanger kapellkyrkje utført 7 jordfestingar, og dagen etter, den 20. juni 1881, 9 jordfestingar i Ervik. (Ved kapellannen paa Ervik. Eksamen for Aarvik, Ervik, Morkedalen, jordpaakastelse og bibellesing).<sup>12</sup>

### 2.2.3 Kulturminne knytte til ferdsel

Vegane mellom bygdene langs fjord og vatn gjekk ikkje langs stranda slik som vegane ligg i dag, men over skar i dei lettaste fjellpartia. Det er først i seinare tid at vegane som vi kjenner dei i dag, vart etablerte. Hovudferdselsårene med båt på tvers av fjord og vatn gjorde at bygdene på kvar side av fjorden/vatnet hadde tett kontakt. Ofte tettare kontakt enn med nabobygdene langs fjorden/vatnet.

Kyrkjene vart lokaliserte på stadar i nærleiken av fjord eller sjø, på stadar der det var gunstige forhold å legge til med båt. Dette vitnar om kor viktige fjord og sjø var som ferdelsåre. I dag har vi fleire kulturminne som gamle veganlegg, merkesteinar og kaier som vitnar om denne historia.

Kongevegen over Mannseidet, ferdslvegen over Dragseidet og postvegen over Berstadeidet er dei mest kjende i Selje. Men også vegane over fjella som folk gjekk for å komme til kyrkje, er viktige kulturminne.

#### *Vegen over Dragseidet*

Vegen mellom Drage og Leikanger er ein viktig del av samferdslehistoria i Sogn og Fjordane.

«Namnet Dragseidet skal komma av at sjøfarande i naudsfall skal ha drege båtane

sine over eidet langs den gamle ferdavegen. Sjølv om vegen er rundt 5 km lang, og det høgaste punktet på vegen er over 200 m, var det truleg ikkje så vanskeleg å dra båtane over. Lendet er jamnt, og det er funne flate steinar og lunner i myrane som kan ha vore nytta til å dra båtane på. Det var nok helst i styggever, og når dei måtte venta i dagesvis på god bør og godt ver, at vegen vart nytta på denne måten. Ei segn frå Sunnmøre fortel at Olav den heilage ein gong fekk vatnet til å stiga, slik at han kunne sigla over Dragseidet, og dermed sleppa unna fiendar som forfølgde han.»<sup>13</sup>



Vegen over Dragseidet. Foto: Gerd Fløde Bjørlo

«Ny veg: Gamlevegen var berre ei bratt steinlagt rås for køyring med slede og slep. På 1800-talet var vegen i dårleg forfatning, og i 1874 uttalte veginspektør Michael Christensen at vegen over Dragseidet ikkje var køyrande med hest og vogn. I 1877 kom spørsmålet om ein skikkeleg kjerreveg opp. Det kom delvis saman med kravet om betre hamn i Drage. Der fanst det berre ei vanleg båtstø mot det opne havet. Dette gjorde det vanskeleg for fiskarane på staden. Hamnekommissjonen frå 1877 var på staden og tilrådde å byggja ein molo der, på vilkår av at det vart bygd ein skikkeleg veg over eidet. Fylkesutvalet hevda at det burde byggjast molo uavhengig av vegspørsmålet. Resultatet vart at Drage fekk begge delar. Moloen vart ferdig bygt i 1893, og i 1884 byrja dei å byggja ny veg mellom

<sup>12</sup> Kjelde: Johan Kroken

<sup>13</sup> Sitat frå Fylkesarkivet. Kulturhistorisk leksikon v/Kristin Ese

*Drage og Leikanger. Han stod ferdig i 1889. Den nye vegen var ein av dei første køyrevegane i Selje. Den gamle vegen gjekk no ut av bruk.»<sup>14</sup>*

Vegen vart rusta opp 1997 i samband med markeringa av kulturminneåret 1997 og tusenårsjubileet for kristninga som gjekk føre seg på Dragseidet i 997.

Det vart opparbeidd ny rasteplass der, og skilt som fortel den storslegne historia til Dragseidet.

Den gamle kyrkjevegen frå Dragseidet til Liset er godt merkt.

### *Vegen over Mannseidet*

*I uminnelege tider har folk nytta vegen over Mannseidet mellom Moldefjorden og Kjøde i staden for å gje seg i kast med det farlege Stadhavet. Ei ferd over Mannseidet i dag er ei ferd gjennom delar av norsk vegbygging si historie. Kongevegen over Mannseidet vart utvald til Selje kommune sitt kulturminne i Kulturminneåret 1997.*



*Kongevegen over Mannseidet. Foto: A.H. Seljen*

### *Eit stykke norsk veghistorie*

*«Saman med vegen over Dragseidet er truleg Mannseidvegen ein av dei eldste opparbeidde vegane på Vestlandet. Vegen er nemnd både i Snorre og i Eigelssoga. Frå å vere ein enkel fotsti vart vegen truleg seinare utbetra til tjodveg (allmannveg), seinare kongveg eller*

*hovudveg, slik Gulatingslova kravde. Desse vegane skulle fylle krava som ridevegar og sledevegar. I nyare tid har vegen fleire gonger vore utbetra. I dag kan ein på få minutt køyre over eidet langs ein utvida veg etter ein ny og tidsmessig trasé.»*

Vegen over Mannseidet er med i Statens vegvesen sin verneplan: *Vegvalg. Nasjonal verneplan. Veger – bruer – vegrelaterte kulturminne*. Denne kom ut i 2002. Vegen er innmålt av Statens vegvesen, og vil bli lagt inn i Askeladden etter kvart.

### *Pilegrimar*

I katolsk tid var heilagdomane på Selja eit kjent pilegrims mål. Til Selja har folk valfarta både sjøvegen og landevegen, og det er difor rimeleg å tru at mange kom over Mannseidet på ferda si til den heilag øya i havgapet. I Kristin Lavransdatter skriv Sigrid Undset om Feginsbrekka (fegin: glad), der pilegrimane på veg til Nidaros fekk første synet av reisemålet sitt. Kanskje har Mannseidet vore ei feginsbrekke for pilegrimane på veg til Selja. Ein stad på toppen av fjellet heiter Korsen. Kan hende har det her stått ein kross der dei reisande kunne bøye seg og takke for at dei hadde kome trygt fram.»

### *Kongereiser*

*«Etter reformasjonen veit vi at ikkje mindre enn tre av dei dansk-norske kongane drog over eidet. Den første var Christian V i 1685, og om ein skal døme etter den offisielle skildringa, gjorde ferda eit sterkt inntrykk på følgjet frå det flate Danmark:*

*"Dette Mans Eyde er ikkuns et forfærdelig høit Bierg, nesten dobbelt så høit som Doffrefield og lige saa slemt at passere -".*

*Den andre kongen som drog over fjellet, var Frederik IV i 1704. Det skal ha vorte sett opp ein stein på toppen av eidet til minne om denne ferda, men den steinen er borte nå. Den mest omtala ferda gjorde Cristian VI då han i 1733 med dronning og svigermor og eit følgje*

<sup>14</sup> Kjelde og sitat frå Fylkesarkivet. Kulturhistorisk leksikon v/Kristin Ese

på 150 menneske tok seg over fjellet frå Einehaugen i Kjøde til Eide ved Moldefjorden.»

#### **Rodesteinar**

«At vegen har vore mykje brukt, kan ein skjøne mellom anna av at det har vore skysskifte og gjestestover på begge sider av fjellet. Bøndene hadde vedlikehaldsplikte på kvar sine parsellar langs vegen. På Mannseidet kan ein ennå finne gamle rodesteinar, oppreiste steinar i knehøgde, som markerte vedlikehaldsstykke.»

#### **Ulvejakt**

«I åra kring 1850 var ulven ei stor plage. Om vårane før dyra slapp på fjellbeite, vart det organisert manngard på ulven. Dei byrja ytst på Stadlandet, og med allslags skræmelydar jaga dei ulven framfor seg innover fjellet til Mannseidet der det så vart strekt opp eit såkalla "ulvebeje" (stengsel) frå sjø til sjø. Varig verknad hadde ikkje denne rådgjerda, for det viste seg at ulven kom snart att.»<sup>15</sup>

#### **Vegen over Berstadeidet**

Vegen frå Berstad til Rimstad er om lag 11 km. I 1830-åra vart det oppretta ei tredje postrute gjennom Nordfjord med tilknytning til rikspostrutene.

**Postvegen** gjekk frå Eide inst i Moldefjorden, over Berstadeidet til Bryggja og vidare til Utvik der det var tverrsamband vidare. På nordsida av Berstadvatnet er ei kjelde med svært godt vatn. Denne kjelda frys ikkje til om vinteren. Her brukte postføraren alltid å sløkkje tørsten når han gjekk forbi, og den dag i dag vert kjelda kalla Pisanibekken.



Foto: Frå ruta over Berstadeidet: Foto: Inger Eikeland Flåten

Vegen over Berstadeidet var også **kyrkjeveg**. Når folk frå Rimstad skulle til kyrkja i Selje, tok dei vegen over Berstadeidet til Berstad og rodde derifrå ut Moldefjorden til Selje. Heilt fram mot 2. verdskrigen hadde folk frå Rimstad båt liggjande på Berstad til bruk når dei tok på kyrkjeferd. Like eins kunne folk frå Berstad ta vegen over fjellet og vitje kyrkja på Totland.

#### **Pilegrimsvegar**

Vegane over Mannseidet og Berstadeidet var også vegar for pilegrimar på veg til Selja.

**Sunnivaleia** er ei nyopna pilegrimslei frå Kinn til Selja. Ho går m.a. over Berstadeidet til Selje.

**Kystpilegrimsleia**, ei nyopna rute langs kysten for pilegrimar på veg til Nidaros. Ho går gjennom fem fylke langs Vestlandskysten; Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag (nord til Trondheim).

Prosjektet Kystpilegrimsleia har som mål å skape eit autentisk nettverk og reiselivsprodukt for moderne pilegrimar, basert på den gamle hovudfartsåra for pilegrimar til Nidaros.

<sup>15</sup> Kjelde og sitat: Kulturhistorisk leksikon. Fylkesarkivet v/Borgny Dam Nilsen

## 2.2.4 Kulturminne knytte til fiske

### *Sjøbuer/naust*

Mange av båtstøene og naustmiljøa som er så typiske for gardane si tilknytning til sjøen frå gamalt av, står i fare for å forsvinne. På same måte som for setrane, har mange av desse områda endra bruk frå livnæring til fritidsformål.

I 2006 vart det gjennomført ei registrering av kystkulturminne i Selje kommune.

Det er ei lang rekke med viktige kulturminne som her er registrerte. Det vart også gjort ei prioritering.



*Naust og båtstøer i Hoddevika. Foto Gerd Fløde Bjørlo*

Rydjorda – Årdalen vart då vurdert som det viktigaste kystkulturminnet. Området ligg innanfor det området som er vurdert som eitt av dei viktigaste kulturlandskapsområda i landet.



*Årdal: Foto Wenche Leknesund*

På Stadlandet var sjøhusmiljøet på Leikanger, med Hoddevikbuda i sentrum, vurdert som eit viktig kystkulturminne. I dag er Hoddevikbuda riven. Furebuda er teken vare på, og er no ein del av Stad hotell, som er under etablering der.



*Furebuda. Foto: Bård Fløde*

Klyngetunet m/naustrekke på Indre Fure er eit anna prioritert område. Området vert godt ivareteke av huseigarane.



*Indre Fure. Foto: Gerd Fløde Bjørlo*

Det er ei lang liste over sjøhusmiljø med naust, nothenge, moloar som er registrerte. Mest truleg er det i varierende grad teke vare på desse kulturminna.

I tillegg til desse sjøhusmiljøa vart andre kystkulturminne registrerte. Ein del av desse finn vi igjen i kulturarvplanen under aktuell stad. Her kan nemnast «runesteinen på Barmen», «kongevegen over Mannseidet», «trappene i Seljevågen» m.fl.

Framleis står det langs kysten i Selje kommune moloar, sjøbuder, nothenge og naust som minner om den viktigaste næringa for folket som budde og bur her.





Flister med naustmiljø: Foto: Hanne Marie Utvær

Moloar med naustmiljø er det fleire av. Hoddevika er tidlegare nemnt, men tilsvarande har vi i Ervik, Årvik, Røysetstranda, Svinevikja (Solvåg), Drage, Indre Fure.

Selje kommune vurderer å kjøpe moloar som Kystverket no har lagt ut for sal. Desse er i Hoddevik, Drage, Indre Fure og Røysetstranda.



Naust og molo på Drage. Foto: Gerd Fløde Bjørlo

**Kyrkjefjøra i Selje** er eit svært flott eksempel på eit naustmiljø som er teke godt vare på og som er viktig å ta vare på i Selje sentrum.



Kyrkjefjøra i Selje. Foto: Gerd Fløde Bjørlo

I Flister ligg det også eit flott eksempel på eit sjøhus som er svært godt vedlikehalde. Her var det mellom anna butikk, fiskemottak og trandamperi i si tid.



Sjøhus i Flister: foto Hanne Marie Utvær

På Flatraket ligg Keila med naust og sjøbuder – eit miljø som var sjølve livsnerven for bygda i tidlegare tider. Framleis er Keila ein møteplass for bygdefolket.



Delar av Keila med Sjønesbuda til venstre. Foto: Stig Ødegård

Nettet av fiskemed i sjøen kring Stad, er viktige immaterielle kulturminne som bør registrerast medan det enno er brukarar av desse meda. Det same gjeld kasteplassane langs kysten.

Kva er så eit fiskemed? Dette er landemerke i naturen –det kan også vere ein bygning, som fiskarane brukar til å peile seg inn på ein fiskeplass.

### 2.2.5 Kulturminne knytte til krigar

Under 2. verdskrig bygde tyskarane store kystfestningar på Hovden ved Ervika og i Eltvik på Stadlandet.

Fleire stader på halvøya vart det rigga opp støttepunkt, og minebelte med til saman 8.447 miner vart plasserte ved Nolleneset like sør for Leikanger, i Borgundvåg og på Storeneset.

Det strategisk viktige Stadhavet var uvanleg godt befesta. På havstrekninga frå Vågsøy til Åram nord for Stad var det i alt 19 store luftvernkanonar med kaliber frå 40 til 105 mm, og 14 luftvernkanonar med kaliber 20 mm. I tillegg kom to store radarstasjonar på Kråkeneset og på Kjerringa. Dei tyske forta på Stadlandet var under heile krigen underlagt den tyske militær-kommandoen for Midt-Noreg.<sup>16</sup>

Merka etter 2. verdskrig er tydelege i Selje kommune, og særleg på ytste Stad. Anlegga i Ervika og på Storeneset (Eltvika) er kanskje dei viktigaste.

#### Hovden

Forsvaret installerte ein flyvarslingsstasjon på Hovden ved Ervika i 1932. Under 2. verdskrig vart området nytta av tyskarane til overvaking av farleia rundt Stadt. Her finn vi i dag restane etter kanonstillingane som vart bygt, tunnelane og bunkerane som vart nytta til transport og lager mm.



Bunker på Hovden. Foto: Gerd Fløde Bjørlo


Vi ser også i dag murane etter fangeleirane som husa 120 russiske krigsfangar, fangar som var nytta til å byggje dei store festningsverka på Hovden. 32 fangar omkom i leiren. I dag er det ei minnetavle over desse, i kapellet på kyrkjegarden i Ervika.

Ei av dei mest dramatiske hendingane opplevde bygdefolket i Ervika då hurtigruta Sanct Svithun vart bomba av dei allierte og gjekk på grunn ved Kobbholmen vest for Hovden. Over 50 menneske omkom, men 76 vart redda etter ein heltemodig innsats frå bygdefolket i Ervika. I kyrkja i Ervika er m.a. skipsklokka frå Sanct Svithun og ei minneutstilling om forliset.

#### Storeneset

På Storeneset ved Eltvik bygde tyskarane eit stort fort med kanonstillingar for å sperre innløpet til Vanylvsfjorden. Restane etter kanonstillingane ligg der i dag og er synlege minne om den aktiviteten som var der. Her er fleire bunkerar og restar etter brakker som husa mannskapet på 127 mann.

Biletet under viser solnedgangen i Vanylvsgapet sett frå Storeneset.



Solnedgang frå Storeneset. Foto: Gerd Fløde Bjørlo

<sup>16</sup> Kjelde: NRK Sogn og Fjordane, Fylkesleksikon v/Ottar Starheim (www.allkunne.no)

### 2.2.6 Andre kulturminne

Vi har som sagt eit mangfald av kulturminne i Selje, og mest truleg er det mange som ikkje er tekne med i denne planen. Vi tek inn nokre som ikkje inngår i kategoriane over.

#### *Naturvern og friluftsliv*

Pr. 1989 var det registrert 51 objekt av naturverninteresse i Selje. Av desse er det flest sjøfugllokalitetar, våtmarker og myrområde. Tungevågen, Høgfjellet (mellom Ervik og Hoddevik) og Flatholmen (ved Flatraket) vart føreslegne som naturreservat. I tillegg er dei kvartærgeologiske førekomstane i Hoddevika og på Kjerringa rekna som internasjonale/nasjonale verneverdiar. Stadlandet har i det heile mange verneverdige naturtypar. Geomorfologisk er Stadlandet unikt, med den bratte kysten, platåa og dei mektige lausavleiringane. Rik og sjeldan flora finst fleire stader, i lyngheiar, på myrområde og i flygesandområda.<sup>17</sup>

To område i Selje er av regional/nasjonal verdi for friluftslivet; Ervika-Morkadalen (lakseførande vassdrag) og Kjerringa (Vestkapp, myr- og heiområde)

#### *Krykkja*

Krykkja er ein utryddingstrua sjøfugl. Krykkja er sterkt trua nasjonalt, og er på den norske raudlista. Bestanden har gått ned med 90 % i fylket sidan den første større teljinga på 1990-talet.



På Leikanger finst den eine av totalt tre koloniar med krykkjer som er att på

Vestlandet sør for Stad. Kolonien her har om lag 30 par.

Krykkja er mykje lik fiskemåken, grå og kvit og om lag like stor. Men beina til krykkja er svarte, og vengespissane er svarte (utan kvite tuppas som fiskemåken). Ungfuglar og vaksne i vinterdrakt har ein svart flekk bak auget, og ungfuglane har eit svart band over nakken.

På Leikanger har det tradisjonelt vore dei gamle sjøbudene som har vore hekkeplassen til krykkja. Dette er ikkje alltid like kjekt for dei som skal bruke budene. No har bygdefolket teke til å lage reirhyller på nausta i området, slik at krykkjene kan ta desse i bruk i hekketida. Målet er også å lage eit kunstig fuglefjell, i form av ein fiskehjell.



*Reirhylle på Stadlandet. Foto: Gry Leikanger*

Kystgeita er ein unik norsk geitestamme. Kystgeitehald er omtala heilt tilbake til 1700-talet, og det er berre i Selje at vi finn kystgeitehald bevart som ein levande og ubrotten tradisjon.

Kystgeita liknar mykje på norsk melkegeit, men produserer mindre mjølk. Kystgeita er ein kjøtprodusent, og tilpassa det bratte landskapet og det barske klimaet ute på Stad.

Kystgeita er definert som nasjonal bevaringsverdig rase av Norsk genressurscenter.

<sup>17</sup> EDNA 1989



Kystgeita. Foto: Bård Fløde

### Kultur- og idrettslivet

Kultur- og idrettslivet er ein viktig del av den immaterielle kulturarven. Dette er tradisjonar som framleis er levande, om enn i anna innpakning. Handverk, musikk, mat og munnlege forteljingar er kunnskap som blir overført mellom folk. Det er såleis ikkje ein del av kulturarven som du kan ta og føle på, men som har vore med og skapt dei levande bygdene vi har i kommunen.

### Lag og organisasjonar

Lagslivet i Selje på 1800-talet var i all hovudsak misjonsforeiningar. Men så var det også misjonsforeining i dei fleste grendene der. Selje misjonsforeining vart skipa så tidleg som i 1859 og Nordstranda misjonsforeining i 1874.

Det var indremisjonen som stod sterkast, men etter kvart vaks også pinslerørsla fram. I 1931 vart det skipa ei eiga gruppe på Stadlandet med Hans Drage som leiar.

Ungdomslaga som vaks fram, var både kristelege og frilynde ungdomslag. Hove kristelege ungdomsforeining vart skipa alt i 1900 og dreiv fram til 1940 då Ungdomslaget Framsteg tok over. Barmøy ungdomslag vart skipa i 1918. Fana til ungdomslaget vart måla

av Julius Cæsar Hartmann, og syner Barmøya i solnedgang med Sandvikeholmen i forgrunnen og Fureneset i bakgrunnen. På Barmen bygde dei sitt eige ungdomshus alt i 1933.



Fana til Barmøy ungdomslag, måla av Julius Cæsar Hartmann. Foto: Hanne Marie Utvær

I mange bygder var det også foreiningar for sjømannsmisjonen, santalmisjonen, fiskarlag og fiskarkvinneforeiningar. Nikolai Myklebust frå Barmen var ein periode leiar i Sogn og Fjordane Fiskarlag.

I 1879 vart og Selje og Hove kvinneforening skipa av Emil Bishoff, som var kallskapellan hjå sokneprest Landmark. Selje idrettslag vart skipa i 1937, og Stadlandet idrettslag starta i 1949. Her var skyttarlag, fleire musikklag og «hornmusikk», som det vart kalla.<sup>18</sup>



Hornmusikken på Stadlandet. 17. mai 1926. Foto: Vesla Ervik Groeneboom.

<sup>18</sup> Kjelde: Nrk Sogn og Fjordane, Ottar Starheim (Allkunne)

## Losjane

Også i Selje stod fråhaldsrørsla sterkt tidleg på 1900-talet.



Foto: Fana til Selje Avhaldslag, måla av Bernt Tunold kring hundreårsskiftet<sup>19</sup>

Det var I.O.G.T-losjar både på Flatraket, Barmsundet, Eide, Ytre Stadlandet, Refsnes, losje Statt som vart skipa i 1906, St.Sunniva var distriktslosje for losjane i Selje og Vågsøy i 1927, og Selje avhaldslag vart skipa alt i 1891 av Zakarias Kvamme. Det var sikkert fleire lokale losjar kringom i Selje.

### Biletkunstnarar/forfattarar:

Fleire kjende målarar er fødte i Selje. Den mest kjende er **Bernt Tunold** (1877-1946) som var fødd på øya Selja. Ifølgje han sjølv var livsprosjektet å male den gamle kulturen og byggeskikken før den forsvann. Han er omtala som ein av dei fremste skildrarane av Vestlandet. Bileta hans er høgt verdsette i dag.

<sup>19</sup> Kjelde: Reidar Djupedal, Gamle Selje, kulturhistoriske tekstar i utval ved Ove Eide. Selja forlag.



Bilete av Tunold. Foto frå utstilling i Bergen 2018, Gerd FlødeBjørlo

Ein annan kunstmålar frå Selje var **Julius Cæsar Hartmann** (1889-1969). Hartmann var særleg kjend som «heimstadmålar», og ein stor del av produksjonen hans hadde motiv frå kyst og hav.



Bilete av Hartmann. Foto: Sølvi Hjertenes Hamre

Selje kommune har dette fine bildet av Hartmann:



Diktarpresten **Claus Frimann** (1746-1829) var fødd i Selje. Han var prest i Davik frå 1781-1822. Mest kjende er forteljingane/dikta hans om livet og arbeidet til fiskarane langs kysten. Eit av dei kjende dikta er dette:

*Ondt ofte lider den Fiskermand,  
Som ud maae fare, før Hanen galer,  
Al Dagen pladske i kolde Vand,  
Paa Hiem ei tænke, før Solen daler,  
I vaade Trøie,  
Sneedriv i Øie -  
O, sad I der, I guldklædte Høie!  
I andet fandt.*

**Jenfrid Hermansen Heienberg** (1918-2012) er også ein kunstmålar frå Selje. Ho vart fødd og vaks opp i Venøystraumen i Selje. Ho er m.a. kjend for portrettet av prinsesse Astrid som ho i si tid sat på slottet og måla.



Foto av eitt av måleria hennar, v/ Gerd Kjellaug Berge.

**Biletkunstnaren Isak Refsnæs** (1852-1928) var fødd på Refsnæs i Morkadalen. Han var ein framifrå tolkar av båtar i opprørt hav. Sunnmørsposten skreiv slik i samband med Refsnæs sin 75-årsdag:

*«Herr Refsnæs har i de forløpne år vist sig å være en fortreffelig tolker av den norske kystnatur og sjøen - i alle facer - som han har viet et inngående studium. Høiest har han nådd med sine billeder efter motiver med*

<sup>20</sup> Fylkesarkivet, kulturhistorisk leksikon v/Liv Fritun

*oprørt hav - og han har gitt oss brenninger om odder og skjær som kanskje ingen annen marinemaler i vårt land. Hans friske og sanddrue sjøbilleder (med staffage - er også en ypperlig maler av alleslags fartøier), er høit skattet og beundret, hvor de når hen.»*



Bilete: Gerd Fløde Bjørlo (foto frå Utstilling i Bergen 2018)

**Paul Berstad** (1908 – 1993) frå garden Berstad, var ein framifrå songar, felespelar og tonesamlar.

Paul Berstad er mest kjend for arbeidet med å ta vare på og formidle folkesongen og folkemusikken.

Paul Berstad fekk den første Folkemusikkprisen, som Sogn og Fjordane Folkemusikklag deler ut, for innsatsen sin med å ta vare på og formidle folkesongen vidare.

I Fylkesarkivet sitt folkemusikkarkiv er det ei rekkje opptak med Paul Berstad, både song, spel og forteljingar.<sup>20</sup>



## 2.3 Kulturarv – bygd for bygd

Kapittel 2.3 gjev ein presentasjon av dei ulike bygdene i Selje. Det har vore halde folkemøte der alle bygdene har hatt høve til å delta.

Frammøta har vore bra, om enn noko ulikt. I presentasjonen er teke inn det som er kome fram under møta i bygdene, i tillegg til andre innspel undervegs i planarbeidet.

Dette er første kommunedelplanen for kulturarven i Selje, og det vi ikkje har fått med her, har soleis ei stor moglegheit til å komme med ved seinare rulleringar.

### 2.3.1 Hoddevika, Drage og Fure

Den første bygda som møter deg når du køyrer frå Leikanger over Dragseidet, er Drage. Køyrer vi vidare sjøsida frå Drage, kjem vi til Indre og Ytre Fure. Tek vi vegen over fjellet, kjem vi til Hoddevika. Vegane til desse bygdene er i seg sjølv eit kulturminne.

#### Dragseidet

Vegen som går over Dragseidet i dag, vart ferdig i 1889, men ferdsla over eidet er langt eldre og er ein viktig del av samferdslehistoria i Sogn og Fjordane.

Den gamle vegen, som i dag er freda, er ein godt tilrettelagt gangveg – mykje brukt som turveg. Vegen over Dragseidet er mellom dei første opparbeidde vegstrekingane på Vestlandet, og ein av dei to eldste offentlege vegane i Sogn og Fjordane saman med vegen frå Lærdal til Valdres over Filefjell. Vegen vart også kalla tjodvegen over Dragseidet: «*Etter Gulatingslova skulle vegbreidda kontrollerast ved å ri «baugreid», d.v.s. at ein skulle ri med eit spyd - på tvers over hestesalen. I kvar ende av spydet skulle det hengje ein vidjering. Kvar kvist som reiv av vidjeringar måtte ryddast bort. «Tjodgata» – eller «tjodvegen» - måtte såleis minst ha fem alners breidde (vel tre meter). Nemninga «baugreid» var med i det*

*norske lovverket så seint som i Christina V's norske lov i 1687.»*<sup>21</sup>

Bøndene i området hadde ansvaret for vedlikehaldet, og rodesteinar som markerte grensene, kan ein framleis sjå langs den gamle vegen. Så langt tilbake vi kjenner til, vart vegen nytta for å unngå ferdsla rundt den farlege Staden. Båtar vart dregne over den 5 km lange vegen, som på det høgaste punktet er 200 moh, og som mest truleg har gitt eidet namnet Dragseidet.

På Dragseidet står det i dag ein kross som vart reist i 1913 av Stadlandet Ungdomslag. På krossen står der :» Her kristnet Olav Trygvason 4 fylke i år 997» Du kan lese meir om Dragseidet under kapitlet 2.2.2 «Kulturminne knytte til tru».

Historia fortel at Olav Trygvason heldt ting med bønder frå fire fylke her, og gav dei valet mellom å la seg døypa til den kristne trua eller halde slag.

Stadlandet Ungdomslag set annakvart år opp spelet «På sverdegga», som er ei dramatisering av denne hendinga.



Frå sogespelet På Sverdegga. Foto: Ukjend

På Kongshaugen (ei høgde like ved vegen) er det reist ein Olavsbauta. Bautaen er vel tre meter høg med innskrift frå 1919, og ei koparplate påsett i 1997 med slik tekst: «Noregs konge 1997» i tillegg til den

<sup>21</sup> Sitat: Nrk Sogn og Fjordane, Fylkesleksikon v/Ottar Starheim (www.allkunne.no)

kongelege signaturen, Harald V.<sup>22</sup> På Kongshaugen er det også restar etter ei kanonstilling frå 2. verdskrig. Det var ei høgtidleg avduking av bautasteinen i 1919 der lærar Lødemel hadde skrive eit vers som vart framført firstemt av eit songkor han var leiar for.

*"Vær velkommen kjære!  
Velmødt hver især  
Ifra fjord og fjære  
til vort stemne her!  
I skjøn harmoni,  
høitidsfuld i hu  
med os stemmer i  
al naturen nu!"*

### Drage

#### Helleristingane på Drage – Austmyr



Helleristing på Drage. Foto: Fjordenes Tidende

Ågot Hopland oppdaga den unike helleristinga ved Drage i 2012. Alderen på helleristinga er truleg mellom 3.000 og 3.500 år. Arkeolog Trond Løvdøen uttaler til Fjordenes Tidende at han aldri har sett ei så stor båthelleristing på Vestlandet før. Helleristinga er litt større enn andre ein har frå bronsealderen.

I 1904 hadde Fylkesbaatane tre stoppestader i Selje: Barmen (365 reisande), Drage (774 reisande) og Selje (1516 reisande.) Drage var

<sup>22</sup> Kjelde: SFJ Fylkesarkivet, kulturhistorisk leksikon v/Hermund Kleppa

svært verhardt, og i 1893 var det ferdig ein molo på 72 meter. Etter det tok Fylkesbaatane til å gå her, men Drage "anløbes kun naar Forholdene tillader det."<sup>23</sup>

### Hoddevika

Kanskje var namnet opphavelig Hovdevik.

Namnet kan tyde «hovud» eller «hovde», som betyr berg/fjell. Det kan vere rimeleg å tru at Hovdevik har vore brukt før det vart Hoddevik.

Hoddevika har eit heilskapleg kulturlandskap, lite påverka av nyare inngrep. Det er gode høve for å verne om dette landskapet, samstundes som naturverdiar og friluftsiinteresser vert tekne vare på.

Gardane i Hoddevik ligg som perler på ei snor langsetter veggen vekselvis på kvar side av veggen. Mange av bygningane har steinmurte veggjar som vern mot naturkreftene. I skråningane er ulike beite eller ulike eigedomar skilde med steingardar. Her er både fegater (innegjerde krøttervegar), bakkemurar og gardfjøs murte i stein, noko som utgjer eit særeige mønster.

Området Hoddevik-Liset er med i eit nasjonalt utval av spesielt verdifulle kulturlandskap. Dette området bør såleis vere eitt av Selje kommune sine utvalde kulturminne.

*Vegen over Hoddeviksfjellet* vart bygd delvis som pliktarbeid og noko som løna arbeid. Vegen stod ferdig i 1921. Vegen er nær åtte km lang og svingar seg opp og ned fjellssidene. Ulike arbeidarar/lag hadde ansvar for å bygge veggen. Nokre av svingane har fått namn etter desse arbeidslaga. Frå toppen av finn vi «Bøtekleiva», så er det «Koppen», etter arbeidsleiaren som var frå Koppen på Fløde, «Tårnet»: mura rund og fin som eit tårn, men også etter eit berg som i uminnelege tider har vore kalla «Tårnet» i utmarka, «Sognen» etter eit arbeidslag frå Sogn, «Larsesvingen» har

<sup>23</sup> Kjelde: SFJ Fylkesarkivet, kulturhistorisk leksikon v/ Gunnar Urtegaard



fått namnet fordi han ligg like ovanfor Larsestova, og «Brekkesvingen» har fått namnet etter garden «Brekka».



Hoddeviksvingane. Foto: Wikipedia

**Naustmiljøet i Hoddevika** er godt bevart og eit framifrå eksempel på fleire slike naustmiljø i Selje kommune. Nokre av nausta er frå før utskiftinga i 1878. Kwart bruk fekk tildelt nausttomter etter storleiken på garden. Kart frå 1908 viser m.a. at det også var eit ishus bak nausta her.

**Moloen ved** nausta er ein viktig del av miljøet, og vart avgjerande for livet i Hoddevika på 1900-talet. Den første moloen vart bygd i 1923, og gjorde sitt til at fisket blei meir regelmessig med større båtar og auka fangst. Særleg var det torsk, sei, hummar og ikkje minst laks som vart fiska. Folketalet auka i Hoddevika i siste halvdel av 20-åra, og mange «nye» hus vart bygde.<sup>24</sup>



Hoddevika. Foto: Gerd Fløde Bjørlo (2018)

### **Buråsa**

Steingardane i Hoddevika er svært synlege i terrenget, og særleg er buråsa – ein kombinert kjerre - og «kreaturveg», eit viktig kulturminne i landskapet. Buråsa strekker seg frå naustområdet og langs heile dalen.



Foto: Frå Skjøtselsplanen for Hoddevika

**Kvernhus i Hoddevika** er det framleis att nokre av. Det eine står ved elva på Brekkegarden og det andre like nedom Stadt Surfing. Begge treng å bli restaurerte.

På Aslaggarden er det også gjort funn frå vikingtida.

**Falkehytta** ligg mellom Mosekleiva og Asefjellet, og er ei grop med ei forhøgning som vart brukt til falkejakt. Falkejakta var på 1600/1700-talet. I flg. Viltkartverket for Sogn og Fjordane er det framleis to hekkelokalitetar for vandrefalk i Hoddevikfjella.

### **Surfeparadis i dag**

Den flotte sandstranda og bølgene som slår inn frå storhavet, har gjort Hoddevik til eit av dei mest besøkte surfeområda i Noreg. Etter kvart har surfarane gjort sitt inntog både i husa og på stranda. Fleire surfemiljø har vakse fram. Utfordringa er å finne ein god balanse mellom brukarane, slik at ein tek vare på dei kulturhistoriske verdiane som er i Hoddevika.

<sup>24</sup> I.Austad og L.Hauge: Hoddevik i Selje, skjøtselsplan for kulturlandskapet. Rapport nr. 02/2010, HSSF

### Indre Fure og Ytre Fure

Indre Fure fekk vegsamband mot Drage i 1970. Klyngetunet på Indre Fure har si historie attende til 1300-talet, og er eit svært godt bevart eksempel på slike klyngetun, som det etter kvart er få av i landet.

For å komme seg til Ytre Fure må ein gå stien slik ein alltid har gjort det. Det er ingen fastbuande att på Ytre Fure, men dei 2 eigedomane er godt haldne vedlike og er eit verdifullt prov på livet som har vore der. Tidlegare låg dei 2 bruka i eit felles klyngetun, men hovudbruket vart flytt og lagt på ei hylle i den bratte fjellsida.

Kulturlandskapet på Drage, Indre- og Ytre Fure er utvald som eit av dei mest verneverdige i landet. Det er utarbeidd skjøtselsplan for området (rapportnr. 2/15 HSF v/Ingvild Austad og Leif Hauge). Her får vi m.a. ei framifrå skildring av det levde livet i desse bygdene. Mykje tyder på at det var god økonomi på Fure. Lakse- og hummarfisket gav gode inntekter, og Fure vart rekna for å vere mellom dei «rikaste» gardane i området.



Ytre Fure: Foto: Nordfjord.no

På Furestaven er det ein førekomst av kleberstein. Her kan ein framleis sjå merke etter uttak til steingryter .

Indre Fure er nemnt i skriftlege kjelder allereie på 1300-1350-talet. Husa står i ei klynge kring eit tun, og er eit godt eksempel på slike klyngetun som var så vanlege i tidlegare tider. Ikkje mange er igjen av desse kring om i landet, og dette tunet er såleis viktig å ta vare på. Her er også kvernhus som er tekne godt vare på.



Hus i klyngetunet på Fure. Foto: Gerd Fløde Bjørlo

«Klyngetunet på Indre Fure ligg på den smale strandflata under Furehornet. Tunet er samansett av tre bruk. Våningshus, uthus, kvernhus, løer og naust utgjer nærmast ein liten tettstad. Like bak tunet ligg bratte, ravineforma terrasseskråningar. Terrenget flatar igjen ut noko, og her ligg inngjerda slåtteteigar og gardfjøsar i stein. I bakkane rundt tunet skyt skogen opp, særleg rogn og bjørk. Det tette tunet er som ein oase av fargerike blomsterbed og store tre av ask og platanlønn. På Indre Fure ligg også fleire frukthagar (oppHAVEleg tre, men ein av desse er no rivne), ein av dei er inngjerda av ein solid steingard».<sup>25</sup>

På folkemøtet vart det fortalt at eple frå Fure i si tid vart tekne med for sal på marknad i Trondheim, og dei fekk ein pris for kvaliteten på epla.

<sup>25</sup> Helle T. 1992: Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Selje kommune. Kulturlandskap i Sogn og Fjordane, bruk og vern. Rapport 23. sfdh

### 2.3.2 Honningsvåg, Årvik, Ervik og Morkadalen

Desse bygdene ytst på Stad, med Stadhavet som næraste nabo, har ei sterk kulturhistorie knytt til bygdene si plassering på Stadhalvøya.

Med den farlege skipsleia rundt Stad, og strategisk plass for overvaking av trafikken på kysten, finn vi her ei mengde kulturminne som har sterke historier å fortelje.

Folket i desse grendene var prega av uvissa dei måtte leve med i kvardagen. Fisket var viktigaste næringsveg, og i opne båtar i all slags ver var det mange som miste livet i forlis langs den verharde kyststripa.

#### Losane

Før 1870 var det ikkje ei einaste fyrlykt mellom Kinn og Runde. Då var losane gode å ha. Losyrket kravde mange menneskeliv. Ei historie er frå 1849, då 4 losdrengrar omkom ute ved Stålet under berginga av ei seglskute.

Historia fortel at losane på Stad nytta lyden på dei ulike falla til å rekne ut kor langt unna fallgarden skipet segla. Losyrket var eit farleg yrke, men dei var ikkje redde av seg, folket i desse bygdene.



Utkiksposten for losane i Ervik heiter framleis «Loshylla», og er eit attraktivt turmål

*Loshylla. Foto: Gerd Fløde Bjørlo (2019)*

#### Honningsvåg

I Honningsvåg er det ei naturleg god hamn. Dette var nok årsaka til at fiskelag i sesongane heldt til her og leigde både husrom og saltenaust av dei som budde her. Fiskelaga kom frå bygdene på Stadlandet. Turid Helle

<sup>26</sup> Helle T. 1992: Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Selje kommune. Kulturlandskap i Sogn og Fjordane, bruk og vern. Rapport 23. sfdh

syner i sin rapport nr. 23<sup>26</sup>, til samtale med Elias Leikanger på Stadlandet, som fortalde at han ei tid hadde 5 fiskelag her.

Fisken vart salta ned og teken med heim når fisketida var over, og han vart tørka på hjellar eller berg og selt vidare som klippfisk.

#### Ervik.

Ervik har ei rik historie å fortelje. Soga om Lodin frå Ervik og kona hans, Gyda, sonen deira, Ragnvald, som fekk Sigrid til make, og deira son, Gunnar, er rikt skildra i m.a. Flateyjarbok, eit islandsk handskrift frå ca. 1390. Dei var med på å skape noregshistorie på slutten av 900-talet. (Kjelde: Dagfred Berstad)

Opp gjennom åra er det også blitt mange historier om skipsforlis i den verharde skipsleia forbi Ervika. Ei rekke gjenstandar som er funne i Erviksanden, og som i dag er å finne på Bergen Museum, kjem truleg frå eitt eller fleire skipsforlis i området.

«Ervikfunnet», som det blir kalla på Bergen Museum, inneheld m.a desse «lissedoppene» (festa i endane på snorer for lettare å tre snorene gjennom snørehol – jf. bunadkjeda vi har i dag):



I artikkel av Synnøve Viken kan vi lese følgjande:

Ervik er eit flygesandområde, og ei endring av vindretninga på 1800-talet gjorde at vinden fjerna meir sand enn bølgiene la igjen på stranda der. Dette resulterte i dei første funna som blei gjort tidleg på 1800-talet. Første funna vart leverte til museet i 1830, og dei siste så seint som i 1984. Funna omfattar

kring 700 gjenstandar. Tidsmessig stammar dei frå eldre jernalder og fram til nyare tid.

*I Ervik-ulukka i 1920* omkom åtte fiskarar frå Ervik og Morkadalen. I alt var 58 mann frå Ervika og Morkadalen på fiske utanfor Ervika då dei kom ut for ein uventa sterk storm. Båtane kvelva, og stor innsats frå årvikarane, honningsvågarane og leikongarane gjorde sitt til at ikkje fleire omkom denne dagen.

*Hurtigruta St.Svithun* gjekk på grunn der i 1943, etter at ho vart bomba av dei allierte styrkane som mistenkte at det var tyske soldatar om bord. Etter redningsdåden av folket her, skreiv kaptein Alshager «*Kun folk med havet utenfor stuedøren og generasjoners kamp for det daglige brød, kan håndtere en båt med slik overlegen sikkerhet – og våge å ta sjanser som Ervik-folkene tok*» .

Kyrkjegarden i **Ervika**, saman med krigsminna på Hovden, er mellom dei viktige kulturminna i Selje kommune. Gravstaden vart innvigd i 1550, men ifølgje fylkesarkivet i Sogn og Fjordane ligg kyrkjegarden i ein sandhaug som har vakse med åra, slik at gravene ligg i fleire høgder. Dei første som skal ha blitt gravlagde der, skal visstnok vere portugisiske sjømenn.



*Kyrkjegarden i Ervik: Foto: Nordfjord.no*

Krigsminna på Hovden: Tyskarane overtok flyvarslingsstasjonen som Sjøforsvaret hadde etablert på Hovden. Restar etter fleire kanonstillingar og tunnelar ligg der og vitnar om stor aktivitet her under 2. verdenskrig. Også restane etter ein russisk fangeleir ligg langs vegen opp til Hovden. Det var desse fangane som bygde vegen ut til Hovden. Av dei 150 krigsfangane som var på Hovden, døydde 32 og vart gravlagde i utmarka. I kapellet på

kyrkjegarden er det sett opp ei minnetavle over desse.

**Ervikfjøsane:** På vegen mot Ferstad ligg Ervikfjøsane, fleire fjøsar murte i stein. Desse er framifrå eksempel på slike steinmurte fjøsar som var vanlege på Stad.

I tillegg er her fegate og steingardar. Elles er Ervik rikt på kulturlandskapsminne som er med på å gje staden det særprega landskapet som kjenneteiknar ytre del av Stadlandet.



*Gamal steinmurt fjøs i Ervik. Foto: Gerd Fløde Bjørlo*

**Byggeskikk:** Mykje fint murarbeid er framleis å sjå i bygdene her. Det er og var verhardtd i Ervika som elles langs kysten på Stad. Eksempel på austvegg mura i stein, finn vi også i Ervika. Bygdefolket viser elles til at alle steingardar, gråsteinsmurar for fjøs og kjellarar burde takast inn i eit hjelpeprogram så ikkje meir vert rive.



*Bilete av fjøsmur i Ervik mura av Tosten-Reinhard (info. Jan Petter Hoddevik). Foto: Gry Leikanger*

**Ervikpreika** er ein svært gamal tradisjon som framleis er halden ved like i Ervik. I 1746 fortel dåverande sokneprest om ei fast preike frå «Ældgammel tid» i Ervik. Så langt ein veit, var det om vinteren at preika vart halden. Seinare (tidleg på 1800-talet – i presten Gabriel Heiberg si tid (prest 1806-1826) vart tidspunktet endra til kring jonsok.<sup>27</sup>

**Dalsbøvassdraget** har framleis ein liten bestand av elvemuslingen «Margaritifera». Han er den mest trua ferskvassmuslingen i verda, men står i fare for å døy ut. Senkinga av Ervikvatnet og tørrlegging av Kvernushammarelva har vore medverkande til at denne bestanden av den trua elvemuslingen har gått tilbake. Tiltaksplan for å bevare han er utarbeidd, jf. NINA<sup>28</sup> Minirapport 319.

#### *Torvhus*

Restar etter torvhusmiljø er det fleire stader i bygdene her. Her kan nemnast Torvvegen frå Ervik og opp Glennene med både eldre og yngre torvhusrestar.

#### *Immaterielle kulturminne*

Bygdene på Ytre Stadlandet var og er ulike både i folkesjel og språk. Sjølv om dette er mykje endra i nyare tid.

I dei fleste bygdene var det eit rikt foreiningsliv. Kvinneforeiningar, losjeforeiningar, ungdomslag og songkor. Dette var ein del av kystfolket sin identitet.

I tidlegare tider var det tradisjon å bryggje øl også her, men fråhaldsrørsla stod so pass sterkt at denne tradisjonen vart mest heilt vekke.

---

<sup>27</sup> Kjelde: Sfj, Fylkesarkivet, Kulturhistorisk leksikon, artikkel v/Hermund Kleppa

<sup>28</sup> NINA Minirapport 319 v/Bjørn Mejdell Larsen og Steinar Kålås

### 2.3.3 Eltvik/Borgundvåg/ Beitveit/Leikanger/Sandvikneset

Ein kombinasjon av fiske og jordbruk var levevegen til folket i bygdene i Selje kommune. Slik var det også på Stadlandet. Men her vaks det også fram næringar knytte til kjøp og sal av fisk, foredling, handel, skyssstasjon og båtanløp. Her var post og telegrafstasjon, skjortefabrikk og meieri (på Sjøstad)

Vegen over Dragseidet startar på Leikanger og er ein av dei første offentlege vegane i fylket. Vegen vart kalla «tjodveg» fordi ein rytter skulle kunne halde eit spyd med to vidjeringar ute på kvar ende på tvers over salen når han reid. Då skulle vegen vere rydda så brei at vidjeringane ikkje vart ruska av. (Les meir om Dragseidet under kapittelet om Drage m.fl.)



Den gamle ferdslevegen over til Drage. Foto: Gerd Fløde Bjørlo

På **Leikanger** er restane etter den gamle kyrkja som stod på Bø på Selja og som først vart flytta til Selje i 1654. Då det vart bestemt at det skulle byggjast ny kyrkje i Selje i 1865, vart gamlekyrkja igjen flytta, og no til Leikanger. I 1895 vart kyrkja utvida med m.a. nytt tårn med våpenhus. Etter siste restaurering i 1966 er all den gamle materialen gøymd. Men mykje av den gamle materialen sit att både i veggjar og golv. Katekismetavla frå 1500-talet og preikestolen frå 1592 (landets eldste) vart med på flyttinga frå Bø, og står her i kyrkja.



Leikanger kyrkje: Foto: Gerd Fløde Bjørlo

Korsen er sentrumet på Leikanger. Namnet Korsen kjem mest truleg av di det herifrå går vegar til alle dei andre bygdene på Stadlandet.

I Korsen blei handelen etablert. Det var her dei kom i land dei som drog båtane sine over Dragseidet. Det var her det vart bygt budar for mottak og sal av fisk og fiskehjellar for tørking av klippfisk

Her vart også tidleg etablert gjestgjeveri/kro.

29



Foto: Korsen ca. 1955. Kopi av bilete til Randi Hoddevik

<sup>29</sup> Edvar Os, Bygdebok for Selje, 1957

**Handelstad:** På det meste var det 4-5 butikkar med landhandel i Korsen. Fleire bakeri var det også. **Bernt Clausen Drage** starta bakeri der i 1901, og utvida med landhandel i 1903. I 1914 bygde han nytt forretnings- og bustadhus på Leikanger. Huset er eit av dei særmerkte bygga i Korsen den dag i dag.

Ditlef Apelset hadde ei tid bakeri i ein bygning ved kaia.

Den mest kjende butikken i Korsen i dag er kanskje **Hoddevikbutikken**, som **Ananias A. Hoddevik** starta i 1898. Der er framleis butikk i lokala i det ærverdige Hoddevikhuset. No er det røyrlleggjar som held til der. Det er framleis husvære for etterkomarane til Ananias.



*Hoddevikbutikken. Foto: Bård Fløde (2019)*

Etterkomarane til **Ananias** dreiv også handel med fisk og sild frå Hoddevikbuda, like ved kaia på Leikanger, og var dessutan ekspeditørar for ruteskipa til Møre fylke Ruteselskap (MRF).

**Furebutikken:** Det var også landhandel i eit lite hus ved kaia. Frå 1955 vart handelen der driven av **Julius Fure**, som seinare flytta forretninga til nytt lokale i 1965, og gamlebutikken vart riven.

**Jordmorbutikken:** På Kviane vart det også drive landhandel i det som på folkemunne vart kalla Jordmorbutikken, ettersom det var jordmor **Inga Lekanger** som dreiv denne.

Det var også landhandel ved **Bjørlykkekaia**.

**Peter R. Bjørlykke** starta landhandel der i 1903. Han og etterkomarane hans vart også dampskipsekspeditør og telefonstyrar. MRF-rutene vart lagde ned i 1969. Berre restane av kaia står igjen i dag.

#### **Sjøhusa på Leikanger**

**Hoddevikbuda:** Etterkomarane etter **Ananias A. Hoddevik** dreiv med handel med fisk frå Hoddevikbuda. Buda vart utvida på 1950-talet og tente som fiskemottak til fram på 1970-talet. (Fylkesleksikon). Hoddevikbuda er no riven, og snart blir det hotelldrift på tomta. Men det skal etablerast eit museum der, slik det var tenkt i den gamle Hoddevikbuda.

**Clausenbuda:** I 1915 bygde **Bernt Clausen Drage** kai og sjøhus og starta fiskemottak og sildesalting på Stave. Sjøhuset står der i dag og har fått eit tilbygg med husvære.

**Einar Clausen** tok over etter faren i 1945. Han starta krabbemottak på buda på Stave under firmanamnet **Leikanger Canning**. I den beste sesongen kunne det arbeide kring 15 personar i denne hermetikkfabrikken. Fabrikken vart lagt ned etter få års drift. Seinare overtok **Trygve Clausen** fiskebuda og dreiv m.a. med spekesildproduksjon og seimottak for tørking på hjell. **Trygve Clausen** la ned fiskebuda i 1959.

**Kviebuda:** **Elias A.R. Lekanger** starta i 1909 fiskeforretning, trandamperi og hermetikkfabrikk på Stadlandet. I 1917 starta han tønnefabrikk. Frå 1935 heitte familiebedrifta **Statt Preserving, Lekanger & Co.** Verksemda sysselsette på det meste 35 personar.

**Furebuda:** Opphavleg vart denne buda, som ligg ved kaia på Leikanger, kalla «**Årvikbuda**» etter ekteparet **Samuel Årvik** og **Johanne Hoddevik** som starta landhandel ved kaia på Leikanger kring 1900. I tillegg til varehandel vart det også drive sildesalting i denne buda, og kaia vart trafikkert av rutebåtar frå Møre. Ei tid vart ho kalla «**Syltebuda**», fordi **Johanne**

gifta seg opp att med ein kar frå Sylte etter at mannen døydde.

Etter krigen tok Furefamilien over buda. Peder Fure dreiv kaia og fiskemottaket der til Julius Fure overtok, og sidan då har buda heitt Furebuda.

I tilknytning til kaia og buda vart i si tid Stadlandet Kjøleanlegg etablert – eller «kjølelageret», som det vart kalla på folkemunne. Her fekk også bygdefolket leige fryseboksar i ei tid då dette ikkje var i private heimmar

Ved kaia ligg også Ferdaheimen. Her var det tidlegare pensjonat. Bygninga står der framleis som ho alltid har gjort, men er mest nytta til feriebusstad.<sup>30</sup>



Furebuda/Stad hotell. Foto: Bård Fløde 2019

**Viktige kulturminne:** Fleire av desse gamle budene står der framleis. Nokre av dei har fått ny bruk, og er i hovudsak verna på ein god måte.

Området kring Korsen med dei store tuntrea og kaia må vere eit av Selje kommune sine utvalde kulturmiljø og må takast vare på for framtida. Sjølv om det er gjort endringar, bygg er vekke og nye komne til, må ein ta vare på det karakteristiske miljøet som er der.



Korsen i dag. Foto: Nordplan AS

### Eltvika

På Storeneset er det restar etter dei 6 kanonstillingane som tyskarane sette opp der under 2. verdskrig. I Eltvika, Tungevågen og Borgundvågen måtte innbyggjarane dele husa sine med okkupantane, som heldt til her heilt til krigen var slutt i 1945.



Storeneset. Foto: Gerd Fløde Bjørlo 2019

I Tungevågen er det utarbeidd verneforslag for eit naturreservat; våtmarksområdet i Tungevågen er ein saltvasspoll nytta som trekk-og overvintringslokaltet for vassfugl (EDNA 1989). I alt er det registrert 55 artar av våtmarksfugl. Årleg overvintar 10-20 songsvaner i området.

<sup>30</sup> Kjelde: tekstar om industri og næring på Stadlandet: NRK fylkesleksikon v/Ottar Starheim (www.allkunne.no)





Tungevågen. Foto: Gerd Fløde Bjørlo 2019

### Immaterielle kultuminne

Foreiningslivet var viktig her som i dei fleste bygdene i Selje. Her var Santalmisjon, Frilynde ungdomslag, Indre-og Ytre sjømannsmisjon, Samemisjon, Husmorlag - for å nemne nokre.

Det var mange gode skribentar, og fleire var gode til å deklamere og underhalde i bygda. Tordis Bjørlykke, Anne Helene Fure (Anne-Mor) og Jenny Bjørlykke er nokre som kan nemnast her.

Eitt av dei fine dikta som er skrivne, er dette av Borghild Leikanger:

*Stadlandet du ligg der so bergfast og traust,  
ei hand som stikk ut i havet.*

*Du ligg der i stilla, du ligg der i storm  
ensa ikkje roket og kavet.*

*Der har du lege i tusener år  
du let deg ikkje skreme av jaget.  
Mangt har du sett av godt og vondt,  
sett båt og mannskap forsvinne i havet.*

*Du ligg der so taus med din hemmelighet.  
Ikkje smil eller godord, ei klage.  
Kva du har opplevd i desse tusener år,  
Har du hatt for deg sjølv alle dage.*

### Gamle hus i bygdene

I bygdene her, som dei fleste stadar, er dei gamle husa rivne og nye og moderne bygde opp. Men nokre gamle står att, og må takast vare på som eksempel på den tida som var.

På Leikanger har vi gamlehuset på Jogarden, grønestova til Sigmund Borgund, gamlestova, kvernhuset og steinfjøsen til Tore Nilsen og Seljentunet (Alle på Sjøstad). På Sande har vi gamleskulen og på Lundebrekke Koppe-Birstestova. Dette er hus/tun som bygdefolket nemnde. Alle desse er hus som er avhengige av eigarar som har omsut for dei. Det er noko midlar å søkje på frå det offentlege, men størsteparten av utgiftene må berast av eigarane. Det offentlege må vise desse den omtanken dei treng i samband med utbetringar og bistå dei med søknader om midlar.

**Bolkevika:** Nokre stadar er det berre murane att etter det levde livet der. Her bør skilt komme opp og fortelje om det livet som var der før. Bolkevika (utfør Eltvika) er ein slik stad – ein veglaus plass der berre grunnmurane er att etter husa som stod der. Historia om folket som budde her, kan du lese om i Sogeskift for Eid 2018, artikkel v/Arvid Fløtre.



Bolkevika: Foto: Arvid Fløtre

## 2.3.4 Sandvik - Kjøde

### *Kjødepollen*

Bakkebø: Det er svært artsrike slåtteenger på Bakkebø. Innmarka som ligg i den bratte skråninga nedanfor tunet, er bygd opp av uttallige bakkemurar – bakkemurar som er viktige kulturminne i seg sjølve og viktige å ta vare på for ettertida. Murane vart bygde av ein som overtok hovudbruket der i 1883. Tradisjonen med å bruke stein som byggemateriale hadde han med seg frå Nord-Hordaland.



Bakkebø. Foto: Gerd Fløde Bjørlo 2019

### *Kongevegen over Mannseidet*

Vegen over Mannseidet er statleg listeført som veg nr. 155 (Statens Vegvesen). Han er stort sett fri for vegetasjon. I aust sluttar vegen ved kaia på Einehaugen. Fleire kongar har fare over Mannseidet. Den første var Christian V i 1685, deretter Fredrerik IV i 1704 og til sist Cristian VI i 1733.

*Torarin Lovtunga (ca. 980-1045) skald hos Knut den mektige fortel om reisa rundt Stad:*

*Hovdings hæve  
hirdmenn siglde  
med gjønkvasse vind  
om Hjornagletind  
Låk var kje ferda  
for fræge kongen  
når det fossa om stamn  
då om Stad dei fór fram*



Utsnitt av Statens kartverk sitt kart frå 1750, viser m.a. kyrkja i Selje og garden Eide og vegen over Mannseidet.

I katolsk tid var Selja eit kjent pilegrims mål. Pilegrimane kom både sjøvegen og landevegen, og det er rimeleg å tru at mange kom over Mannseidet på ferda si til Selja. Ein stad på toppen av Mannseidet heiter det Korsen. Mykje tyder på at det her har stått ein kross – og kanskje er det som Borgny Dam-Nilsen skriv; *kan hende har det her stått ein kross der dei reisande kunne bøye seg og takke for at dei hadde kome trygt fram.*<sup>31</sup>



Gamlevegen over Mannseidet. Foto: Arne Helge Seljen

Gamlevegen over Mannseidet er i dag eit viktig kulturminne. Du kan lese meir om vegen over Mannseidet under kapittelet 2.2.3 – kulturminne knytte til ferdsel.

<sup>31</sup> kjelde: SFJ Fylkesarkivet, Kulturhistorisk leksikon. Artikkel v/Borgny Dam-Nilsen

## *Sandvika*

Vegen over Sandvikeidet vart opna i 1901, men vart allereie i 1861 omtala som eit alternativ til ein skikkeleg køyreveg over Mannseidet.

*I vegstriden* som fylgde, vart det i 1884 spela inn eit tredje vegalternativ mellom sørsida og nordsida av Stadhalvøya: Liberrvegen. Dette alternativet vart fremja i samband med at Selje kommunestyre i 1884 bad om at vegstellet stakk lina for veggen over Sandvikeidet. Liberra ligg lengre vest enn Sandvikeidet og var den gamle kyrkjevegen for stadværingane til kyrkja i Selje.

No var det brått tre lineval med i spelet: Opprusting med ny veg over Mannseidet, ny veg over Sandvikeidet, eller Liberrvegen i staden for Sandvikeidet-lina. I 1896 fall striden ut til fordel for opprusting av veggen over Mannseidet.

Ei "ytre line" over Sandvikeidet måtte difor vente på tur etter at Mannseidet var opprusta. Veggen over Sandvikeidet vart først opna i 1901. I Sandvik på nordsida vart fjellvegen kopla saman med veggen frå Sandvik og vestover til bygdesenteret Leikanger på Stadlandet, som var ferdigbygd i 1897. Riksvegen frå Sandvik og austover mot Einehaugen i Kjødepollen var ferdig til Stokkevåg i 1953, og ferdig heilt fram til krysset med riksveg 618 på Kjøde i 1960.<sup>32</sup>

I Sandvika, som vart eit vegknutepunkt, vart det etablert skysstasjon. Her var det også post og telefon.

**Magda Aarsheim** – bygdekvinna som var sentral i det meste av foreiningslivet på Årsheim

Magda vart fødd på Silda i 1901, men flytta til Årsheim med foreldra sine, Peder og Oline Røyset. Magda venta sitt sjette barn då mannen omkom på hummarfiske i Hustadvika. Etter ei tid i Måløy flytta Magda tilbake til Årsheim i 1962. Ho var engasjert og ein pådrivar for at det med jamne mellomrom var

forkynnande møte og gudsteneste i bygda. Emissærar og andre overnatta hjå Magda når dei var der. Samlingane heldt dei i skulen. Ho heldt søndagsskule heime hjå seg, var med i dei mange ulike foreiningane som eit sterkt samlande bindeledd, og som igjen skapte eit godt samhald i bygda. På det meste var der 5-6 foreiningar slik som: Gamlekjerringane, Redningssaka, Sanitetsforeininga, Sjømannsmisjonsforeininga og Formosaforeininga. Magda sat også i soknerådet i Selje. Ein gong kunne presten fortelja at ho hadde fått mest stemmer, men kunne likevel ikkje vere leiar då det ikkje var vanleg at ei kvinne var det på den tida. Magda vart 100 år 5. februar i 2001. Ho vart vel 101 år.

Magda er eit flott eksempel på kor viktige kvinnene var i desse bygdene på Stad. Det var oftast dei som hadde ansvar for alt som skjedde heime når mennene var på fiske. Det var fiskarbonden som var sentral på Stad. Historia om Magda er eit eksempel som bør formidlast til etterslekta. Også kvardagen er viktig å formidle i kulturarven vår.

**Gamal busetnad:** Også på Årsheim og i bygdene kring er det restar etter gamal busetnad. Bygdefolket har nemnt Bjønnaskaret og Bjønnahytta, kvernhus/eldhus på Øvre Årsheim, kvernhus i Olagarden, torvhus på Tuggjordet og stabbur på Otnes. Det er uvisst kva tilstand desse er i. Men som elles i Selje kommune, må det offentlege bistå eigarar som ønskjer å ta vare på og setje i stand att gamle bygningar. Det er gjerne ikkje så mykje midlar å hente, men råd og rettleiing om søknader om midlar, er enkle tiltak.

Det er også eit privat museum i Stokkevågen.

<sup>32</sup>Kjelde: NRK Sjfj, Fylkesleksikon v/Ottar Starheim (www.allkunne.no)

### 2.3.5 Selje, Selja, Salt, Moldefjorden og Rundereim

Tettstaden Selje er administrasjonssenteret i Selje kommune, og har ei rik kulturhistorie. Mest kjende er historiene knytte til øya Selja. I 1068 vart landet delt inn i 3 bispedøme der Selja vart eitt av desse; eit bispedøme som strekte seg frå Agder til Sunnmøre. Selja var sete for bispedømet til 1170 då bispesetet vart flytta til Bergen. På Selja finn vi også ruinane av benediktinarklosteret, som vart etablert der kring 1090. Kanskje etter døme frå England, der det var vanleg å etablere kloster og bispesete på same stad med formål å styrke posisjonen til kongen og kyrkja. Viktig for Selje er også legenda om den kristne kongsdottera Sunniva frå Irland. Sunniva vart gjord til helgen i 996 av Olav Tryggvason. Selja er også eit kjent pilegrims mål, og er ein av nøkkelstadane på den nye kystpilegrimsleia frå Stavanger til Trondheim.

Du kan lese meir om St. Sunniva og klosteret på Selja under temaet *kulturarven knytt til tru*.

Eitt av dei eldste og mest imponerande gjenstandane frå Selja kloster, Flåvær-relieffet med 13 forgylte koparrelieff, kan du sjå på Universitetsmuseet i Bergen.



*Klosterruinane på Selja. Foto: Helle Frogner*

#### **Prestegarden**

Eitt av dei viktigaste fysiske kulturminna i Selje kommune er bygningsmassen på den gamle

prestegarden på Hove. Prestegard på Hove har det vore sidan kring reformasjonen. Hovudhuset på prestegarden er ein lafta tømmerbygning frå ca. 1782. Bygningane vart freda av Riksantikvaren i 1991. Vil du lese meir om Selje prestegard, så har Selja forlag gitt ut boka *Selje Prestegard* i 2015.



*Prestegarden i Selje: Foto Gerd Fløde Bjørlo 2019*

Ei god historie (sann eller berre ei segn?) knytt til presteembetet i Selje, er denne:

*«I gamal tid var det ofte slik at når ein ung prest tok over eit sokneprestembete etter ein avdød kollega, tok han gjerne òg over enkja etter forgjengaren sin. Maren Sjøffrensdatter Friis var først gift med Isak Jørgensson som var prest i Selje til han døydde i 1647. Deretter vart ho gift med alle dei tre etterfølgjarane hans.*

*I 1668 kom den 33 år gamle Peder Nilsson Harboe som prest til Selje. Etter slik det før hadde vore, skulle han då òg ha teke over presteenkja, men det vart det ikkje noko av. Segna fortel at Maren vart så harm over å verte vraka at ho i raseri sette fyr på arkivet i prestegarden. Dette skal såleis vere grunnen til at arkivet frå klostertida er borte.»*

#### **Kyrkja i Selje**

Den første kyrkja som stod her i nordenden av Seljesanden, vart flytta frå Bø på Selja i 1654. Frå 1724 var kyrkja i privat eige, heller dårleg vedlikehalden. Ei ny lov frå 1851 kravde at ei kyrkje skulle romme 3/10 av folketalet i soknet. Gamlekyrkja vart flytta til ny kyrkjestad på Leikanger, og det vart bygt ny

kyrkje i Selje. Byggmeister Rasmus Sætre frå Stryn stod for oppføringa saman med eit arbeidslag frå Indre Nordfjord, og kyrkja vart vigsla 13.mai 1866.



*Kyrkja i Selje. Foto: Gerd Fløde Bjørlo 2019*

Kyrkja har ein enkel og tidstypisk sveitserstil. Opphavelag var det plass til 600, og ho var den største kyrkja på landsbygda i Bjørgvin.<sup>33</sup>

I området der kyrkja står i dag, låg det ei rekke gravrøyser. Mange av desse vart utjamna då kyrkja vart bygd. (Djupedal 1966). I alt kan der ha lege so mange som 24 gravrøyser.

Også kyrkjene i Selje har fått fortalt si historie i boka «Kyrkjene i Selje» utgitt på Selja forlag i 2016. Kyrkjene på Selja er også omtala under kapittelet om kulturminne knytte til tru.

#### ***Nausta ved kyrkja i Selje***

Ved kyrkja i Selje står det ei rekke med naust som framleis er i god stand og som framstår som ein viktig del av Selje sentrum.



*Naust i Selje. Foto: Gerd Fløde Bjørlo*

***Bygdene Liset, Skårbø og Årdal*** er del av det nasjonalt utvalde kulturlandskapet som ligg i Selje kommune (Hoddevik–Liset).

Visjonen her er at dette verdifulle kulturlandskapet skal framstå som eit unikt kulturlandskap til nytte og glede for grunneigarar, ålmenta og framtidige generasjonar. Det at det er nasjonalt satsingsområde, gjer at dette naturleg er eitt av Selje kommune sine utvalde kulturminne.

***Liset*** ligg i ei skråning mot Skårfjorden. Det karakteristiske her er steingardane som strekker seg frå stranda og opp i dei bratte bakkane. Ved sjøen ligg naust murte i stein, her er rydningsrøyser, og på flata over tunet er det bygd ein høg vernemur. Vidare oppetter lia ligg inngjerda beite- og slåttemarkar side om side, her er fegater og uthus murte i stein og med torvtak. Her er ein oppmurt fjellveg som skrår opp i lia til Løkane, der det også ligg over 10 steinmura bygningar, torvhus og fjøsar. Eit svært karakteristisk og verdifullt kulturlandskap.

Kyrkjevegen over fjellet, for folket på Stad på veg til kyrkja i Selje før det vart kyrkje på Leikanger, gjekk frå Dragseidet til Liset. Vegen er merka og fin tursti i dag.

***Den veglause garden Årdal*** vart fråflytt i 1947. Det spesielle med Årdal er at her ikkje har vore maskinell drift i det heile, og bygningsmiljø og kulturlandskap er difor svært autentisk. Årdalens venner legg ned ein stor

<sup>33</sup> Kjelde: Sfj. Fylkesarkivet – kulturhistorisk leksikon v/Reidar Djupedal m.fl.

innsats i å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane her.



Årdalen: Foto: Wenche Leknesund

I tunet i Årdalen var det i si tid heile 9 bygningar. I dag står berre dei to stovene att, eit uthus og ein steinmura fjøs. Ved sjøen har det lege to naust, og ved elva eit kvernhus. Bygningane ligg samla i ei bratt skråning vest for elva. Ei lita bru leier over elva, og det er murt ein køyreveg opp til tunet. Fleire stader i kulturlandskapet ligg mindre rydningsrøyser, bakkemurar og steingardar.<sup>34</sup>

**Garden Berstad** er den inste garden på sørsida av Moldefjorden. Arkeologiske funn viser at det har vore folk her heilt tilbake til steinalderen, fast busetnad truleg frå vikingtida. Skrivne kjelder har ein frå 1520. Frå 1695-1780 var garden bustad for lensmannen i Stad skippreide, og eitt av husa på garden var tingstove. Garden var klostergoods fram til 1840.



Tunet på Berstad ca. 1930 (foto frå Gunn Helgesen)

Folketonesamlar og songar, Paul Berstad, vaks opp på denne garden. Stova på garden kan daterast tilbake til 1800-talet, står framleis og er i god stand. Det same gjeld stova på nabobruket «Støylane». I gamlefjøsene på Berstad er det i dag eit gardsmuseum. Kvernhusa på garden vart bygde på 1850-talet. Alle vart restaurerte på 1990-talet. Det er funne to vikinggraver der den gamle bygdevegen gjekk.



Kvernhus på Berstad. Foto: Gunn Helgesen

Dei gamle stovene på Berstad og Støylane, er viktige kulturminne i Selje kommune.

Vegen over Berstadeidet frå Rimstad kjem ned her på Berstad. Ei lita historie som Helga Berstad, mor til Paul Berstad, fortalde, er om Sigrid Undset som kom gåande over Berstadeidet og skulle vidare til Selje kloster. Ho hadde blitt gjennomvåt, og kom ned i stova på Støylane for å skifte på seg tørre kle.

Sjå meir omtale av veggen over Berstadeidet under kapittelet om ferdsel i den generelle delen av plandokumentet.

I Berstaddalen ligg **Øydegarden Dyrstad**. På bildet under ser vi Dyrstad i fjellsida til venstre. Veggen frå Berstadvatnet og opp til dei gamle tuftene er bratt, og garden har i følgje gamle kjelde, blitt lagd øyde av skred fleire gongar. Garden er nemnd første gong i 1612. I 1997 organiserte Moldefjorden Grunneigarlag rydding av øydegarden Dyrstad.

<sup>34</sup> Kjelde: Helle T, 1992: Kulturlandskap i Sogn og Fjordane, bruk og vern. Rapport nr. 23. Sfdh.




Øydegarden Dyrstad. Foto: Gunn Helgesen

### **Garden ved foten av Tarvaldsegga**

Fjellet Tarvaldsegga er med sine 645 m o.h. det høgste punktet på Stadhalvøya. Ved foten av dette fjellet, i utmarka nordaust for Selje sentrum og om lag 200 m o.h., ligg den vesle fjelldalen Kvernhusdalen med tre små vatn. I den sørvendte lia nordaust for det øvste vatnet ligg fire tufter og restar etter eit steingjerde. Oppmålingar, C14-dateringar og pollenanalyser viser at her har vore gardsdrift i tida 350-975 e.Kr., med andre ord frå romartida fram til slutten av vikingtida.

Tuftene i Kvernhusdalen har vore granska av fagfolk periodevis i tida 1874-1994. Skissa under er basert på dei oppmålingane og funna som er gjort på staden:



### **Handel og næringsliv:**

I Selje vaks det etter krigen fram fleire store bedrifter, og ein pioner og grunder her var **Wald Dragseth**, som saman med broren **Asbjørn** var med på å forme den nyare historia til Selje gjennom etableringa av Selje

Skjortefabrikk i 1946, lystbåtfabrikken Selje Bruk i 1961 ( i dag Saga Boats), Selje hotell i 1975 og Selje Plastindustri i 1976. Selje Manufaktur opna i siste del av 50-talet. Det var eit hendelse, og over inngangsdøra sto namnet på butikken i blå neonlysreklame!

Informasjon frå lokale informantar tyder på at første butikken i Selje var Rasmus Dybedal sin butikk i Sarakjellaren. Han kom i drift i 1896.

Butikkdrifta vart seinare flytta til Nabben, og Åhjemsbuda vart bygd kring 1908. Butikk i Åhjemsbuda var det til om lag 2012. Selje Handelslag vart skipa i 1920, dei tok etter kvart også over Tunold Bakeri. Det var også handel i Frimannsbuda og i Øvrelidhuset (der det no er ortodoks kloster).

Det var fleire budar på Nabben. Her kan nemnast buda på «Hoddeviktomta», Hjertenæsbuda, Mandiusbuda, Magnusbuda eller Rikheimsbuda i dag og Dragesetbuda som opphavelig hette Margitbuda, ettersom ho var eigd av Margit Moldestad.

Mandiusbuda var eit einetasjes bygg, der Mandius Berge dreiv fiskemottak i si tid. Buda fekk si endelykt i 1967. Då skulle Åhjemsbuda utvide. Skytebasen la godt i med dynamitt, noko som sende ei steinblokk høgt til vers og gjennom taket på Mandiusbuda. Mandius fekk ny bud, som no er den raude buda lengst ute på Nabben.

Selje sitt første hotell/pensjonat, var eigd og drive av ein som heitte Birkelid, seinare vart det overteke av Margit Moldestad.

Her er nok mykje historie frå livet på Nabben som skulle ha vore skriven ned. Folkelege historier for folk flest.

### 2.3.6 Barmen, Flister, Venøy, Vetrhus, Kvernevik, Nordpoll og Flatraket



**Flatraket** og bygdene kring fekk ikkje samanhengande veg til kommunesenteret i Selje før ca 1967. Dette sjølv om arbeidet med ny riksveg frå Selje til Allmenningen starta alt i 1951. I 1961 vart vegen frå Flatraket til Allmenningen opna, men det gjekk enno nokre år før heile strekinga var ferdig.

**Keila på Flatraket:** Hamneområdet Keila var sjølv livsnerven for samfunnet på Flatraket. Sjøvegen var lenge den einaste vegen ut av bygda, om ein ikkje skulle gå til fots. Her i Keila var det mange naust, og i Sjønesbuda var det butikk, det vart halde bryllup, 17. mai- underhaldning og dans og underhaldning etter redningsbasaren. Her hadde ungdomslaget dans til ut på tidleg 60-tal.

Keila var hovudbasen for kystfiskeflåten frå Flatraket. Her var bygdas kvinner og ungar i full drift med egning og klaving av liner medan karane var på havet. Også fleire båtar frå Måløy fekk linene sine egna i Keila.

Hamneområdet er godt teke vare på, og er eit av Selje sine viktige kulturmiljø.



*Keila med eksempel på steinmurar mot sør. Foto: Stig Ødegård*

**Kvernhus i Nordpoll:** I Nordpollen har foreininga Nordpoll kulturminne restaurert kvernhus og inntak. Primus motor her var Egil Holvik. Eit viktig tiltak for å ta vare på eitt av dei mange kvernhusa som var kringom i bygdene før. Dei fleste av dei er vekke no, og då er eit slikt eksempel som dette eitt av Selje kommune sine viktige kulturminne.

**Stølar:** Dei einaste stølane i Selje kommune ligg i fjellområde på grensa mot Vågsøy og Vanylven kommune (Kjøde, Berstad og Vetrhus). Vetrhussetra og Kverneviksetra hadde også egne stølshus til overnatting. Kverneviksætra vart totalrestaurert i 1999/2000.



*Kverneviksetra etter restaurering. Foto: John Arild Kvernevik*

**Håkonshallen** er murane til det som skulle bli eit fellesfjøs. Arbeidet starta tidleg på 1940-talet, men vart aldri fullført. Steinarbeidet var ferdig, men tømmerarbeidet vart aldri starta



opp. Det er sagt at då krigen var slutt, kunne folk igjen få arbeid fleire stadar, og det vart difor ikkje lenger behov for ein slik felles sommarfjøs. Namnet «Håkonshallen» skal kome av at den, som Håkonshallen i Bergen, var utan tak etter krigen.<sup>35</sup>

**Torvhusa:** Som i dei fleste bygdene i Selje vart det også teke ut torv i Flatraksdalen. Der er mange torvhus som vart brukte til oppbevaring av den tørka torva. Det vart teke ut torv til brensel fram til 1950-talet. I dalen står det i dag to restaurerte torvhus.



*Torvhus i Flatraksdalen. Foto: Stig Ødegård*

**Byggeskikk:** På Flatraket har mange av dei eldste husa og ladene mur mot sør. Det var frå dalen i sør det veste uveret kom, ikkje frå storhavet i vest. Det er flerie eksempel på slike hus, lader og naust som framleis står i dag.<sup>36</sup>



*Lada på garden på Bakken. Foto: Stig Ødegård*

<sup>35</sup> Innspel til planen frå bygdefolket på Flatraket

<sup>36</sup> Innspel til planen frå bygdefolket på Flatraket

Bildet under er frå Nordpollen, og er eksempel på byggeskikk som vi finn igjen fleire stader i Nordfjord. Her er liknande tun på Raudeggja, i Sandvika (Barmsund) og i Kvernevika.

Vi ser at det er ein viss skilnad på husa. Desse husa står på garden til Agnar Håvik som opplyser at i det lågaste huset er det kjøken med matplass, kammers og ei stove. I det andre huset er det stove og soverom nede og to soverom oppe. Under begge husa er det kjellar, og vanlegvis vart dei bygde i hallande terreng med mønet i fallretninga. Begge desse husa er godt vedlikehaldne, og er i dag godt likte av turistar.<sup>37</sup>



*Bygningar i Nordpollen: Foto: Johan Kroken*

**Ishusa:** Det står restar att av eit ishus på Venøy. Slike ishus var lager for naturis i blokker som vart nytta om sommaren og utover hausten til å halde både kjøtt og fisk fersk – særleg viktig var det for transport av fisken som skulle seljast vidare. Ishus er det også restar etter på Røyset (Barmen) og Seljenes.


**Klebersteinbrot:** Det er fleire klebersteinførekomstar i Flatraksdalen. På Raudehaugane og ved Esterbekken i Flatraksdalen finn ein kleberstein og emne frå ikkje ferdigstilte gryter. Dette finn ein også i Håvika. Det er innlevert reiskap frå Fureneset i Håvika til Bergen museum.

<sup>37</sup> Kjelde: Johan Kroken.



Klebersteingryter på Raudehaugane. Foto: Stig Ødegård

Biletet under viser **Namneberget** – ein klebersteinførekost der ein finn innrissa namn og årstal frå i dag og tilbake til tidleg 1800-talet/slutten av 1700-talet.



Utsnitt av inskripsjonane i berget på Namneberget. Foto: Stig Ødegård

**Esterbekken** er eit oppkome av vatn som aldri er tørrlagt. Bekken er utgraven i kleberstein, og har sidan slutten av 1800-talet vore brukt av forbifarande til å sløkke tørsten.

Der var også eit klebersteinsbrot på Venøya.

**Skule-Hans eller Hans A. Kvernevik**, som han heitte, har skriva ned mange skildringar frå livet sitt frå medio 1800 til tidleg 1900-tal. Mykje er frå tida hans som lærar, og her er eit lite klipp frå ei av skildringane hans frå ei tid då pultar og kateter blei frakta mellom bygdene før det kom permanente skulehus:

*«I en kreds måtte man vente i 40 aar og  
ennu længer før der kom skolehus og  
pulter. Da der ikke længer var langbord at  
faa laant og man i Nordpold ikke vilde  
arbeide pulter maatte skulestyret kjøpe 5  
gamle pulter og et katheter fra Skrams  
kreds og disse blev i mange aar  
transportert mellom Barmen og Norpoll ja  
endog til Myklebust like til der kom  
skolehus»*

**Måløy** var sentrum for bygdene her. Det var enklare å ta seg til Måløy enn til Selje. Særleg var kontakten til folket i Osmundsvågen sterk. Dialektane i området er også mykje blanda – nokre meir like dei i Vågsøy, andre som i Pollane og nokre som Selje.

**Øya Barmen** ligg mellom den mektige Stadhalvøya og storhavet i vest. Namnet tyder kanskje ly/vern ettersom det var her mange sjøfarande søkte ly for veret på si ferd langs kysten. Namnet kan også kome frå gamalnorsk *barmr*, som tyder kant, brem eller rand. Folket på Barmen har og tru på ei anna tyding; ein kvinnebarm, då fjellformasjonen kan minne om ein kvinnefigur.

Øya fekk ferjesamband til resten av Selje i 1970.

Som elles i kommunen har fisket til alle tider vore ein viktig leveveg for folket på Barmen. Men fordi det ikkje finst noka naturleg hamn på øya, hadde folket som budde på Fjellet og i

Vikja sjøbudene sine i Venøya, og folket som budde på Røyset hadde sjøbuda si på naboøya, Selja. Buda på Selja heiter framleis Røysetbuda og står på kaia der klosterbåten legg til i dag. Buda vert no brukt som eit servicebygg i samband med guida turar til klosteret på Selja. Inne i Barmen var det mogleg å komme til kai når veret var godt, derfor er det her vi finn dei einaste sjøbudene på øya, men i dårleg ver måtte båtane legge seg for anker utafør Hauane og Røysane.

**Fornminne:** Det er spesielt mange fornminne på Barmen. Her er restar etter mange gravrøyser, og særleg er det spesielt at det er mange kvinnegraver – noko funna frå gravene er prov på. I området ved Korsneset aust på øya er det ei rekke gravrøyser og bautasteinar. Mest kjend er *Runesteinen*.



Frå granskinga av runesteinen i 1935: Foto: Bygdefolket på Barmen

Steinen, som er frå eldre jernalder (ca år 400 e.Kr), er 1,55 m høg og ei tolking er at runene skal tyde «den som gjer kraftlaus». Arkeologane Johs.Bøe og Magnus Olsen granska steinen først i 1935. Olsen si tolking er at innskrifta er «Eg Terbes son som riste øyra» og meiner at figuren kan vere eit saueøyre. Dr.philos Kjell Aartun har ei anna tyding med eit meir erotisk innhald som skriv seg frå eit semittisk kultspråk med opphav tilbake til 1600-1700 f.Kr «-du som er fylt av attrå – sunn og sterk – i sanning – sameina deg med – den som er dekkja av skum -, du

som gjennomborar – den som ber kjønnsleg attrå-« Dette blir igjen avvist av amerikanaren Elmer H. Antonsen, professor i germanske språk, og han hevda at innskrifta med visse kan daterast til perioden ca 200-450 e.Kr. So her er det lov å bruke fantasien. Uansett, det er eit verdifullt kulturminne.

**Naustrekkene i Svinevika og på Røyset** er viktige kulturminne. I Svinevika (Viklandet er nemninga dei brukar i dag) er det også ei viktig samling av båtar der den eldste er 100 år gamal. Godt tekne vare på. I Svinevika er det også eit godt bevart gardstun.


#### *Klebersteinsbrota på Barmen*

På Barmen Ytre er det 2 klebersteinsbrot som har vore nytta til uttak av gryter. Brota har fleire synlege groper etter uttak, og ein stad er det fem synlege gryteemne som ikkje er tekne ut (Nerlid)

#### *Kulturlandskapet på Barmen:*

Kulturlandskapet i grenda «Fjellet» er skapt gjennom hundreår med husdyrhald og av menneskehender som bygde bakkemurar (reiner) i bakkane for å få gode slåttemarker til husdyrfor. Dei siste åra har bøndene på Fjellet, i lag med gamal norsk spelsau, arbeidd hardt for å få fram att dette flotte kulturlandskapet.

Det er flotte steinmurar på gardane på Fjellet.




Lævemur på Fjellet. Foto: Hanne Marie Utvær

Kristian Myklebust (i 1955) og Sakris Fjell (frå garden Myklebust på Fjellet) fekk kongens fortenestemedalje for nyrydding av jord på Fjellet.

### ***Vegar på Barmen:***

Vegen til Vikja vart bygd på 1940- og 50-talet. Han var ferdig i 1950, og murane syner at det var dyktige handverkarar som mura vegen. Omtrent alle karane på Fjellet og i Vika var med på å bygge vegen.



*Vikasvingane. Foto: Sunnmørsposten*

### ***Viktige kulturminne:***

Både reinene på Fjellet og Vikasvingane er fine kulturminne knytte til landskap/vegar.

***Foreiningslivet:*** Det var eit samansveisa samfunn i bygdene her inst i Sildegapet. Lagsarbeidet stod sterkt – som det gjorde elles i bygdene i Selje. Her var frilynde ungdomslag side om side med IOGT, og ikkje minst stod Redningssaka sterkt.

### 3. Ressursar

Lokale utviklingsaktørar kan ta ei aktiv rolle for sjølve å utvikle kulturarven vår. Under er det gjeve ei oversikt over ressursar som kan nyttast til å utvikle denne. Sjå også viktige aktørar under kapittel 1.4.

#### 3.1 Verktøy for å identifisere kulturminneverdi

Riksantikvaren si *Håndbok for lokal registrering* er eit eigna verktøy for å registrere og vurdere verdien av eit enkeltstående kulturminne. Det vert lagt vekt på å identifisere tre verdiar ved registrering av kulturminnet. Dette er kulturminnet sin kunnskapsverdi, opplevingsverdi og bruksverdi. Vidare skal kulturminnet sine eigenskapar og kjenneteikn, samanlikna med andre kulturminne, vurderast. Med utgangspunkt i denne verdisettinga og vurderinga skal ein kunne ta stilling til om kulturminnet har høg verdi og dermed bør ha eit lokalt vern gjennom planar etter plan- og bygningslova. Vi vil difor tilrå at vurderinga av kulturminneverdi vert utført i tråd med denne rettleiaren.

Når det gjeld kartlegging og vurdering av kulturmiljø, vil vi tilrå at Riksantikvaren sin rettleiar for DIVE-analyse vert nytta som verktøy; *Kulturhistorisk stedanalyse*. Denne analysen er eigna for å finne balansen mellom vern og bruk av kulturmiljø.

Handlingsrommet for omforming vert dermed identifisert, og ein vil slik kunne utvikle kulturmiljøa vidare samtidig som ein tek i vare dei viktige verdiane som folk set pris på.

#### 3.2 Kunnskapsbasar

Meir informasjon om historia og kulturminna i Selje er å finne i mange kjelder, fleire av desse er viste til i planen. Vi vil dele kjelder og

annan relevant informasjon om kulturarven i Selje på Selje kommune si **facebookside**; **Kulturarven i Selje**. Kjeldene er tallause. Under er det gjeve ei oversikt over kunnskapsbasar<sup>38</sup> som publikum fritt kan bruke for å søke etter denne type informasjon.

- [Kulturminnesøk](#), les meir om og registrer kulturminne.
- [Digitalt museum](#), sjå nærare på gjenstandar og foto som er gjort tilgjengelege digitalt.
- [Bokhylla](#), les den digitaliserte delen av Nasjonalbiblioteket si samling.
- [Fylkesarkivet](#) og [Allkunne](#), finn meir informasjon om kulturarven.
- [Universitetsmuseet i Bergen](#), få tak i arkeologiske rapportar.
- [Selje folkebibliotek](#) si lokalsamling av bøker.
- [Lokale bygdelag](#) har ofte informasjon om kulturarven på sine heimesider.
- [Jan Petter Hoddevik](#) si digitale bygdebok

For meir informasjon om **korleis ein kan ta vare på kulturminne**, syner vi til Riksantikvaren si heimeside [www.ra.no](http://www.ra.no), Kulturminnefondet si heimeside, [www.kulturminnefondet.no](http://www.kulturminnefondet.no) og Bygg og Bevar si nettside, [www.byggogbevar.no](http://www.byggogbevar.no)

#### 3.3 Formidling av kulturarven i Selje

For at folk skal få utbytte av kulturarven, må denne formidlast på hensiktsmessig måte. Formidlinga må tilpassast dei ulike målgruppene. Det kan vere ei **oppleving** som til dømes eit arrangement eller ei kulturløype. Sunnivaleia er eit eksempel på ei slik kulturløype.

<sup>38</sup> Dette gjev berre oversikt over ein avgrensa del av tilgjengelege kjelder.

God kjennskap til den omfattande kulturarven er ein føresetnad for god formidling. Kommunedelplanen gjev ei overordna oversikt, og vil difor bli trykt opp og distribuert. Det vil i tillegg vere behov for å utvikle lokale databasar for å få ei betre og meir samla oversikt over mangfaldet.

**Kyrkjelege hendingar/arrangement** som er rotfesta i historia, som td. den årlege messa i klosterruinane på Selja som markering av minnet om Seljumennenene, er ein del av identiteten til Selje og må formidlast som dette.

**Historielag/sogelag** kan spele ei viktig rolle i formidlingsarbeidet. Nokon som har som formål å ta vare på minna om folkelivet i Selje i farne tider, kan skape interesse og forståing for lokalsoge, lokal kultur og folkeminne og arbeide for å knyte band mellom fortid og notid gjennom dokumentasjon og formidling.

### 3.4 Organisering av kulturminneforvaltninga i kommunen

Formannskapet har i dag hovudansvar for politiske saker knytte til kulturminneforvaltninga.

I dag er det i all hovudsak planavdelinga for Selje kommune som har ansvaret for kulturminneforvaltning.

Det bør etablerast eit **kulturarv-team** på tvers av sektorar som har kompetanse til å vurdere/få vurdert kulturminneverdien og rådgje publikum.

Kommunalområde Kultur og samfunn har ansvaret for oppfølging av planen med årleg rullering av handlingsdelen.

### 3.5 Økonomiske tilskotsordningar

Økonomiske støtteordningar vert nytta for å bidra til at kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap vert tekne vare på.

Støtteordningane dekker berre ein del av den totale kostnaden ved skjøtsel, vedlikehald eller restaurering.

Dei som ynskjer å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, kan søke på støtteordningar som passar til det aktuelle prosjektet. Under er det ei oversikt over relevante tilskotsordningar – dette er ikkje ei uttømmmande liste. Det er sjølv sagt mange andre moglegheiter til å skaffe finansiering både til formidlingstiltak og til tiltak for å ta vare på kulturarven.

- Riksantikvaren har fleire tilskotsordningar.
- Norsk Kulturminnefond er ei viktig tilskotsordning innanfor dette feltet.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane administrerer tilskot gjennom Regionalt miljøprogram. Dette vert mellom anna nytta som tilskot til slått i bratt terreng, noko som er med på å oppretthalde det typiske kulturlandskapet vårt.
- Tilskotsordninga for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er retta mot kulturminneverdiane i kulturlandskapa til jordbruket. Kommunen har eigne retningslinjer for tildeling av tilskot etter denne tilskotsordninga.

## 4. Oversikt over den utvalde kulturarven i Selje kommune

Under er det gjeve ei oversikt over den utvalde kulturarven i Selje kommune. Dette er **kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som har eit spesielt potensiale som ressurs i samfunnsutviklinga.**

Kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa vitnar om historia vår. Kunnskap om kulturarven vil difor vere viktig for at lokale aktørar skal kunne ta ut potensialet og nytte det som ein ressurs i samfunnsutviklinga. For dei utvalde kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa vil **formidling og utvikling** ofte vere aktuelle tiltak. Formidling av kunnskap kan til dømes vere retta mot publikum, eigarar eller forvaltninga.

Ein del av dei utvalde kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa har ikkje noko formelt vern i dag. For desse vil lokalt **vern** gjennom plan- og bygningslova vere aktuelle tiltak. Før eit slikt vern vert sett i verk, er det viktig å utføre ei nærare kartlegging som identifiserer kva verdier det er verdt å verne om.

For at verdiane skal vere sikra for ettertida er det viktig med både kunnskap og bruk. Ei nærare kartlegging, jf. omtale i kapittel 3.1, vil kunne sikre kunnskap og identifisere verneverdien og balansen mellom bruk og vern. For den delen av kulturarven som har verdier som bør vernast om, vil det vere aktuelt med vern etter plan- og bygningslova. Ei slik kartlegging kan også vere aktuell for kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa som alt har eit formelt vern i dag – då med sikte på å samle verdifull kunnskap som kan nyttast som grunnlag for formidling og utvikling.

I oversikta under er kulturminna, kulturmiljøa og kulturlandskapa lista opp i kronologisk rekkjefølgje, jf. omtale i kapittel 2.1 og 2.2.

Det er gjort nærare greie for kvifor akkurat dette er ein del av vår utvalde kulturarv og om det er aktuelt med tiltak i form av formidling og/eller vern. Til slutt er det gjeve ein kommentar som omfattar både status og forslag til moglege tiltak som kan bidra til å sikre denne arven og nytte potensialet i han som ein ressurs i samfunnsutviklinga.

For Selje kommune er det ynskjeleg å gjennomføre tiltak som legg til rette for at eit mangfald av aktørar kan bygge vidare på og utvikle kulturarven vår og skape små og store opplevingar baserte på denne.


alde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	Kvifor dette kulturminnet, kulturmiljøet eller kulturlandskapet?	Aktuelle tiltak		Kommentar
		Formidling/ utvikling	Vern/ bevaring	
Kulturminne knytte til tru				
Selje kloster	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Er eit nasjonalt viktig kulturminne (freda)</li> <li>• Selja ligg i kystpilegrimsleia, og bør vere ein aktuell stad for etablering av eit kystpilegrimssenter</li> <li>• Selja er nøkkelstad på Kystpilegrimsleia</li> <li>• Selja og klosteret er viktig i utviklinga av Selje som reisemål, og er eit av fyrtårna i den nye reiselivstrategien for nye Stad kommune</li> </ul>	x		<p>Kommunen skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• bidra aktivt med tilrettelegging/formidling av Selja som reisemål m.a. med tilrettelegging av skyss til Selja</li> <li>• ivareta kulturlandskapet på Selja i samarbeid med grunneigarar, riksantikvar, fylkeskommune mm</li> <li>• støtte opp om, og aktivt delta i riksantikvaren sine prosjekt knytte til klosterruinane m.a., ved å betre formidlinga av desse.</li> <li>• arbeide for eigna lokale til eit kystpilegrimssenter</li> <li>• betre tilrettelegginga av utstillingane som i dag er i Sunnivahuset, og bidra til å utvikle utstillingane ytterlegare</li> <li>• støtte opp om kulturarrangement i samband med arrangement rundt gudstenester på øya</li> </ul>
Kyrkjene og kyrkjegardane i Selje, på Stadlandet og i Ervika	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Viktige kulturberarar som alle tre fortel si unike historie</li> </ul>	x		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Støtte opp om tiltak som sikrar bygningsmassen</li> <li>• Ta vare på dei gamle gravminna</li> <li>• Støtte opp om og bidra til å fortelje kyrkjene sine historier gjennom skilting og formidling</li> </ul>
Prestegarden i Selje	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prestegarden er freda</li> <li>• OVF er eigar og sentral i å ta vare på prestegarden, både gjennom bruk og vern</li> <li>• Ligg sentralt i Selje sentrum med lett tilgang for publikum</li> <li>• Er eit stort potensiale i dei mange bygningane som er der – vern gjennom bruk</li> </ul>	x		<p>Kommunen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bidra til å få auka bruken av prestegarden som det viktige kulturminnet det er i Selje sentrum</li> <li>• Greie ut Prestegarden i si rolle i utviklinga av Selje som framtidig pilegrimsstad, lokalitet for Selja kloster, formidling av Selja si kulturhistorie og formidling av reiselivsmål i kommunen</li> <li>• Finne ny eigna prestebustad i Selje</li> </ul>
Kongshaugen og området kring korset på Dragseidet	Automatisk freda kulturminne	x		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bidra til tilretteleggig av turar i området, slik som rydding, merking og skilting</li> <li>• Bidra med grunneigaravtaler</li> </ul>
Gravrøyser og runesteinen på Barmen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Er automatisk freda kulturminne</li> </ul>	x		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bidra til tilrettelegging med merking og skilting av området</li> <li>• Bidra til tilretteleggig av turar i området, slik som merking og skilting</li> <li>• Bidra med råd/ hjelp for å få på plass grunneigaravtaler</li> </ul>
Helleristninga på Drage	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Automatisk freda</li> </ul>	x		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skilting og merking</li> </ul>



alde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	Kvifor dette kulturminnet, kulturmiljøet eller kulturlandskapet?	Aktuelle tiltak		Kommentar
		Formidling/ utvikling	Vern/ bevaring	
Kulturminne knytte til sjø/kystmiljø				
<ul style="list-style-type: none"> <li>Molo og naustmiljø i Hoddevika</li> <li>Molo og naustmiljø på Fure</li> <li>Molo og naustmiljø på Drage</li> <li>Molo og naustmiljø Røysetstranda</li> <li>Sjøbuder Barmen/Svinevika</li> <li>Naustmiljøet ved Selje kyrkje</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Er viktige landemerke</li> <li>Viktige for formidling av kulturarven knytt til kysten</li> <li>Naustmiljøa ved Selje kyrkje er eit særprega naustmiljø som ligg sentralt i sentrum av Selje og er eit viktig element i opplevinga av Selje sentrum</li> <li>Fortel ei historie utover sjølve bruken som naust</li> </ul>	x	x	<ul style="list-style-type: none"> <li>Aktuelt å legge omsynssone kring området</li> <li>Bruke plan-og bygningslova sine føresegner om bygningane står i fare for å bli øydelagde eller endra</li> <li>Sikre at moloane blir offentleg tilgjengelege (jf. Kystverket som no vil selje/gje vekk kaier og moloar)</li> <li>Støtte opp om tiltak som sikrar bygningsmassen</li> <li>Bygdefolket på Barmen må komme med vurdering av kva sjøbuder og naust som er aktuelle her.</li> </ul>
Kulturminne knytte til landskap/vegar				
Kulturlandskapet Hoddevik-Liset med m.a. <ul style="list-style-type: none"> <li>Ytre Fure – landskap og miljø</li> <li>Buråsa i Hoddevika</li> <li>Årdalen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Er eitt av dei nasjonalt utvalde kulturlandskapa i Noreg.</li> <li>Er viktige i reiselivsamanheng – vandring er eit satsingsområde i den nye reiselivstrategien for nye Stad kommune</li> </ul>	x		Kommunen skal: <ul style="list-style-type: none"> <li>Bidra til tilrettelegging av turar i området, slik som merking, skilting og grunneigaravtaler</li> <li>Støtte opp om tiltak som bidreg til å ta vare på kulturlandskapet, slik som skjøtsel, rydding, sikring av bygningar, murar og steingardar</li> <li>Bruke plan-og bygningslova sine føresegner om husa står i fare for å bli øydelagde, rivne eller endra</li> </ul>
Vegar: <ul style="list-style-type: none"> <li>Kongevegen over Mannseidet</li> <li>Ferdslevegen over Dragseidet</li> <li>Postvegen over Berstadeidet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Er eit verna kulturminne</li> <li>Viktig i reiselivsamanheng</li> <li>Vandring er prioritert satsingsområde i reiselivsplanen for nye Stad kommune</li> </ul>	x		<ul style="list-style-type: none"> <li>Bidra til tilrettelegging av turar i området, slik som merking, grunneigaravtaler og skilting</li> </ul>
Kulturminne knytte til krigar				

alde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	Kvifor dette kulturminnet, kulturmiljøet eller kulturlandskapet?	Aktuelle tiltak		Kommentar
		Formidling/ utvikling	Vern/ bevaring	
Krigsminna på Hovden og Storeneset	<ul style="list-style-type: none"> <li>Viktige kulturminne frå vår nære fortid</li> <li>Fortel med synlege spor om den aktiviteten som var på Stad under 2. verdskrig</li> <li>Viktig for ikkje å gløyme okkupasjonstida</li> </ul>	x	x	<ul style="list-style-type: none"> <li>Aktuelt å legge omsynssone kring områda</li> <li>Bruke plan-og bygningslova sine føresegner om områda står i fare for å bli øydelagde eller endra</li> <li>Bidra til tilrettelegging av turar i området, slik som merking og skilting</li> </ul>
<b>Immaterielle kulturminne</b>				
Kunstmålarane i Selje	<ul style="list-style-type: none"> <li>Viktig å formidle kunnskap om dei kjende kunstmålarane som har levd i Selje</li> </ul>	x		<ul style="list-style-type: none"> <li>Bidra til å gjere desse kunstmålarane betre kjende</li> <li>Arbeide for å få etablert ein stad der ein kan formidle kunsten til desse (td. gjennom utstillingar av bilete i privat eige, innkjøp m.m.) Td. i Prestegarden.</li> </ul>
Historia til Magda på Årsheim	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ein kulturpersonlegdom på Årsheim</li> <li>Viktig å ha med eksempel på kva enkeltpersonar kan bety for ei bygd</li> </ul>	x		<ul style="list-style-type: none"> <li>Vere støttespelar for å få skrive ned histora til Magda</li> </ul>
Kystgeita	<ul style="list-style-type: none"> <li>Trua rase</li> </ul>	x		<ul style="list-style-type: none"> <li>Kan nyttast til skjøtsel av viktige kulturlandskap, som td. på Selja, Fure etc.</li> </ul>
<b>Kulturminne knytte til natur/bygningsmiljø:</b>				
Bygningsmiljø: Korsen med bygningar, tre mm.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Eit særprega sentrumsmiljø på Stadlandet</li> <li>Viktig i reiselivsamanheng</li> <li>Verdifulle bygningar som er godt bevarte</li> </ul>		x	<ul style="list-style-type: none"> <li>Aktuelt å legge omsynssone kring områda</li> <li>Bruke plan-og bygningslova sine føresegner om områda står i fare for å bli øydelagde eller endra</li> </ul>
Klyngetunet på Fure	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ligg innanfor det nasjonalt verdifulle kulturlandskapsområdet</li> <li>Eit av dei få klyngetuna som er igjen</li> </ul>		x	
Keila på Flatraket	<ul style="list-style-type: none"> <li>Eit særprega hamneområde på Flatraket</li> <li>Verdifullt bygningsmiljø</li> <li>Kan utviklast i reiselivsamanheng</li> </ul>	x	x	
Budene/gamle hus i Selje sentrum	<ul style="list-style-type: none"> <li></li> </ul>		x	
Grytting naturminne	<ul style="list-style-type: none"> <li>Freda område – mineralførekomst - eklogitt</li> </ul>	x		

4.1 Kart, utarbeidd av Selje kommune, som syner geografisk plassering av dei utvalde kulturminna, jf. oversikta, og som kan kartfestast.



Nr.	Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap
1	Selja kloster
2	Kyrkjene og kyrkjegardane i Selje, på Stadlandet og i Ervika
3	Prestegarden i Selje
4	Kongshaugen og området kring korset på Dragseidet
5	Gravrøyser og runesteinen på Barmen
6	Molo og naust i Hoddevika, på Fure, Drage og i Røysetstranda
7	Sjøbuder Barmen/Svinevika, naustmiljøet ved Selje kyrkje
8	Krigsminna på Hovden og Storeneset
9	Bygningsmiljø i Korsen
10	Klyngetunet på Fure
11	Keila på Flatraket
12	Budene/gamle hus i Selje sentrum
13	Grytting naturminne
14	Helleristinga på Drage
<b>Ikkje kartfesta:</b>	
	Kongevegen over Mannseidet
	Ferdselsvegen over Dragseidet
	Postvegen over Berstadeidet
	Kulturlandskapet Hoddevik-Liset
	Kunstmålarane i Selje
	Historia til Magda på Årsheim
	Kystgeita – truga rase

## 5. Mål for kulturarvsatsinga i Selje kommune

Under er det gjort greie for Selje kommune sine mål for kulturminnesatsing, med tilhøyrande strategiar og tiltak. Prioritering av tiltak vert gjort i handlingsdelen.

Selje kommune har følgjande mål med å bidra til formidling, ivaretaking og vern av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap:

- Mål 1. Selje kommune skal aktivt legge til rette slik at aktørar kan nytte kulturarven som ein ressurs i lokal samfunnsutvikling.
- Mål 2. Selje kommune skal bidra til å utvikle og gjennomføre formidlings- og/eller vernetiltak for den utvalde kulturarven, jf. oversikt i kapittel 4.
- Mål 3. Selje kommune skal gjennom kommuneplan og reguleringsplan etter plan- og bygningslova verne kulturminne som vert vurderte til å ha ein lokalt viktig verdi.

Mål	Strategi	Tiltak
<b>Mål 1. Selje kommune skal aktivt legge til rette slik at aktørar kan nytte kulturarven som ein ressurs i lokal samfunnsutvikling.</b>	Gjere kulturarven tilgjengeleg gjennom informasjon og fysisk tilrettelegging.	Støtte lokale initiativ som ønskjer å etablere nye turløyper eller merke eksisterande turløyper i tilknytning til kulturminne, kulturmiljø og/eller kulturlandskap – natur-/kulturløyper.
		Bidra til utvikling av felles skiltmal for skilting av kulturløyper.
		Innarbeide lokale kulturarvopplevingar i den kulturelle skulesekken/ spaserstokken.
		Distribuere kommunedelplan for kulturarv.
	Sikre god oversikt over kulturarven i Selje kommune.	Etablere database med historisk og kulturell informasjon og fakta om Selje
		Ta initiativ til at tidlegare stadnamnregistreringar i Selje vert digitaliserte hjå fylkesarkivet.
		Nyregistrering av stadnamn i område som tidlegare ikkje har vore omfatta av registreringa.
	Bidra til å auke kunnskapen om registrering av kulturminne for å oppnå fleire og betre registreringar av kulturminne ved å arrangere kurs for registrering i kulturminnesøk.	Ta initiativ til at lokale registreringar av kulturminne i Selje vert digitaliserte hjå relevante offentlege aktørar.
		Etablere rutine for gjennomføring av kurs for registrering i kulturminnesøk – implementere utvikling av kulturarven som del av kurset. Målgruppe: interesserte og utviklingsaktørar.
	Sikre at nokon i kommunen har ansvar for å følgje opp kulturminnefeltet og at publikum får eit kontaktpunkt.	Opprette kulturarvteam med kompetanse i å vurdere kulturminneverdien og rådgje publikum. Tilsett med ansvar for kulturarven
	Bidra til at lokale eigarar betre blir i stand til å ta vare på kulturarven sin	Fritak for eigedomsskatt
	Dele relevant informasjon med lokale aktørar.	Dele informasjon om korleis ein kan ta vare på kulturminne via heimeside og facebooksider.
Lage informasjonsbrosjyre om det «Å eige eit gammalt hus» - og distribuere denne til aktuelle.		

Mål	Strategi	Tiltak
		Dele informasjon om rettar, plikter og moglegheiter for dei som eig kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap – eventuelt utarbeide lokal rettleiar.
	Gi positiv merksemd til private initiativ knytte til kulturminnesatsingar lokalt.	Årleg markering av den internasjonale kulturminnedagen. Etablere årleg kulturminnepris. Deltaking i aktivitetar knytte til Kystsogevekene
<b>Mål 2. Selje kommune skal bidra til å utvikle og gjennomføre formidlings- og/eller vernetiltak for den utvalde kulturarven, jf. oversikt i kapittel 4.</b>	Bidra til at utvalde kulturminne /kulturmiljø vert tekne vare på.	Sikre at kulturminne/kulturmiljø som ikkje er verna, blir vurderte og får nødvendig vernestatus gjennom plan. Der kulturminnet/kulturmiljøet er trua før planprosessen er komen i gang, skal det gjerast ei vurdering om bygge- og deleforbod etter plan- og bygningslova.
	Auke kunnskapen om kulturminna i kommunen	Nytte kulturarvplanen i opplæringa i grunnskulen i Selje
		I samarbeid med lokalmiljø/sogelag legge til rette for turar til kulturminna.
		Formidlingstiltak knytte til utvalde kulturminne , kulturmiljø og kulturlandskap, jf. kap. 4.
		Skilte utvalde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, jf. oversikt i kapittel 4.
		Etablere nye turløyper i tilknytning til kulturminne – natur-/kulturløyper.
		Registrere den utvalde kulturarven i Riksantikvaren si Askeladden-løysing, slik at dei vert tilgjengelege gjennom digitale kart.
		Utarbeide eit kulturarvkart til allmenn bruk – med alle utvalde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, jf. oversikt i kapittel 4.
		Oppdatere heimesider med meir informasjon om dei viktigaste kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i Selje, jf. oversikt i kapittel 4.
		Bidra til skjøtselstiltak for å halde kulturlandskap opne. Gjere det mogleg/tilrettelegge for meir dyr i marka. Kan vere eit aktuelt tiltak fleire stader i Selje.
		Tiltak som er naudsynte å gjennomføre på kyrkja sine eigedomar, vil vi vere positive til blir gjennomført. Økonomiske spørsmål må handsamast i dei årlege budsjettprosessane.
	Registrere og skilte gamle skyssveggar	
	Sikre at aktuelle aktørar får informasjon om kulturminnefondet.	Etablere rutine for registrering i arkivsystemet av private initiativ som handlar om å ta vare på kulturminne..
	Bidra til at aktuelle aktørar får grunnlag til å utarbeide søknader av god kvalitet.	Dele informasjon om søknadsprosessen på heimesidene – med årshjul for prosess og korleis aktørar kan gå fram for å søke. Etablere rutine for korleis kulturarvteamet skal rettleie i søknadsprosessen.
	Bidra til auka kunnskap om søknadsskriving ved å arrangere kurs for registrering i kulturminnesøk.	Etablere rutine for gjennomføring av kurs i søknadsskriving.
	Legge til rette for at kulturminne i landbruket vert tekne vare på – gjennom lokal tilpassing av SMIL-ordninga.	Sikre vidare prioritering av søknader om midlar for å ta vare på bygningar og landskap, ved revisjon av retningslinjer for SMIL-midlane.
		Oppdatere SEFRAK-registret med nye registreringar og vurderingar.

Mål	Strategi	Tiltak
<b>Mål 3. Selje kommune skal gjennom kommuneplan og reguleringsplan etter plan- og bygningslova verne kulturminne som vert vurderte til å ha ein lokalt viktig verdi.</b>	Sikre eit godt grunnlag for vern og dermed kva bruk som kan vere aktuell.	Etablere rutine for vurdering av verneverdi etter Riksantikvaren si handbok, ved søknad om endring av kjende kulturminne.
	Lokalt vern av viktige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.	Utarbeide aktsemdkart (temakart) over faste kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som kjelde til informasjon og som eit verktøy i arealplanlegging og -forvaltning.
		Vurdere behov for oppdatering av kommuneplan og reguleringsplanar med utgangspunkt i kjende kulturminneverdiar – og oppdatere desse planane med nye omsynssoner ved behov.